



ÅRSMELDING

for

Tysnes kommune

2006

Saksnr.
07/00006

Dok.nr
002056/07

Arkivkode
001

Avd/Sek/Saksh
FSK/PER/ESLI

Dykkar ref.

ÅRSMELDING 2006

Innleiing	3
1. ØKONOMI	4
1.1 Utvikling i frie inntekter	6
1.2 Utgifter og inntekter etter art	6
1.3 Renterisiko	6
1.4 Utvikling i kommunen sine fond	7
1.5 Oversyn over likvide midlar	7
2. Årsrapport for sektorane	8
2.1 Sentraladministrasjonen	8
2.1.1 Organisasjon	8
2.1.2 Politisk aktivitet	9
2.1.3 Økonomisk resultat	9
2.1.4 Oppnådde resultat	9
2.1.5 Samla vurdering	14
2.2 Undervisning	14
2.2.1 Organisasjon	14
2.2.2 Politisk aktivitet	16
2.2.3 Økonomisk resultat	16
2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram	16
2.2.5 Samandrag	18
2.3 Helse og sosial	18
2.3.1 Økonomisk resultat	18
2.3.2 Utviklingstrekk i etaten	19
2.3.3. Helseavdelinga	20
2.3.4 Sosialavdelinga	22
2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga	23
2.4 Landbruk- og teknisk etat	28
2.4.1 Organisasjon	28
2.4.2 Politisk aktivitet	29
2.4.3 Økonomisk resultat	29
2.4.4. Rapport - handlingsprogram	29

Innleiing

Kommunen tok til med å arbeida ut årsmelding i 1988.

I arbeidet med gjeldande kommuneplan var det eit delmål å få samordna arbeidet med årsmeldingane med budsjettarbeidet og med framtidig rullering av kommuneplanen. Vona er at ei slik samordning skal gje vinstar både når det gjeld effektivitet og kvalitet. Årsmeldingane dei 3 siste åra har framstått som ein mellomting av det opplegget me tidlegare hadde og malen det var lagt opp til. Me fekk gode tilbakemeldingar på desse årsmeldingane, og meldinga for 2006 vert derfor skoren nokolunde over same leist.

Med ei gjennomgåande god økonomistyring og ein framifrå budsjettdisiplin har kommunen så langt klart seg utan å bli "svartelista" av Fylkesmannen, sjølv om det ofte har halde hardt å få endane til å møtast. Me har ein heller desentralisert struktur, noko som medfører økonomiske utfordringar både i høve ei optimal utnytting av personalressursar og opp mot bygningsmassen. Sistnemnde er nødvendigvis større enn om me hadde hatt ein større grad av sentralisering. Med mange og til dels gamle bygningar dukkar det stadig opp nye problemstillingar m.o.t vedlikehald, rehabilitering m.m. Samstundes er det ei stadig utvikling av nye krav til offentlege bygg, og vert ikkje desse følgde opp innan rimeleg tid medfører dette tvangstiltak frå ymse ytre instansar. I 2006 har m.a. arbeidstilsynet gjeve kommunen ei liste med pålegg. Dette gjeld både tilhøve dei tidlegare har peika på og som kommunen enno ikkje har gjort noko med, og nye krav. Ein faktor som og har vorte viktigare å ta omsyn til dei seinare åra er energibruk. Med aukande energiprisar gjev straumstyring og andre ENØK-tiltak stadig større gevinst.

To større omstillingsprosjekt som vart gjennomførte i 2006 var omlegging av drifta ved aldersheimen til eit bufellesskap; og samlokalisering av 1. – 4. klasse i Uggdal og Tysnesbygda ved Uggdal skule og like eins samlokalisering av 5. og 6. klasse frå dei same bygdene ved Tysnes skule.

Ei anna lokaliseringsendring som og vart gjennomført var at dagsenteret for PU vart flytta frå Vågsmarka til Grendatun ungdomshus vis a vis Rådhuset. Det kom elles i stand eit psykiatrisk dagsenter i Våge sentrum.

I høve breibandssatsinga til Tysnes Kraftlag gjorde kommunen i meldingsåret vedtak om å kjøpa 56 aksjar i Tysnes Breiband AS. Kommunestyret gjekk óg inn på ein intensjonsavtale om å samarbeida med Kraftlaget om å få utbygd breiband i kommunen. Det har elles vore arbeid med problemstillingar kring kva for kommunale bygg som skal få fibertilknytning. I høve utbygging av breiband må det elles nemnast at kommunen søkte om Høykom-midlar til eit prosjekt for å sikra eit fullnøyande breibandstilbod også på Reksteren, men at denne søknaden dessverre vart avslegen.

Den planlagde utbetringa av FV 78 på austsida vart slutført i meldingsåret. Det vart elles (relativt sett) lagt mykje ny asfalt på fylkesvegane på Tysnes i 2006. Arbeidet med å skipa eit bruselskap som skal vera ein pådrivar for å få på plass Tysnesbrua over Langenuen skaut fart på haustparten i meldingsåret. Det vart bede inn til aksjeteikning med teikningsfrist 31.12.06.

Investeringane i bygg i 2006 gjekk til nye tiltak i eksisterande bygg, i hovudsak knytt til brannsikring og ventilasjon. Det kom og på plass heis i Tysnes skule.

I Tysnes-samanheng er det temmeleg dramatisk når ei såpass stor verksemd som Ensy AS flyttar produksjonen til utlandet. Sjølv om me fekk denne store negative hendinga innan næringslivet i 2006, er ikkje alt svart. I båtbyggeriet LOS Marine har me fått ein ny og spanande tilvekst, samstundes som fleire av dei godt etablerte verksemdene i kommunen hadde eit høgt aktivitetsnivå i året som gjekk. Det trekkjer og i positiv lei at kommunen kom inn under ordninga med bedriftsretta investeringsstøtte frå 01.01.07. Oppstartsarbeidet med ny reguleringsplan for Godøysund skapar óg store og spanande forventingar.

Ved utgangen av 2006 var innbyggjartalet 2753. Dette er ein nedgang på 42 personar frå førre årskifte. Mellom anna i samband med at me også i 2005 opplevde ein relativt stor folketalsreduksjon, og at fødselstala dei seinare åra jamt over har vore svært låge, er det no kome i gang fleire prosessar for å få fart på Tysnes att. Kommunen har i denne samanhengen m.a. fått på plass ein ny strategisk næringsplan.

1. Økonomi

Rekneskapan for Tysnes kommunen er gjort opp med eit overskot på nær 3,7 mill..

INNTEKTER:

Positiv inntektsutvikling:

Tysnes kommune hadde ein nedgang i folketalet frå 01.01.2005. til 01.01.2006 på 30 personar. Ein reduksjon i folketalet fører til reduserte inntekter – kor stort inntektstapet vert er avhengig av kva aldersgrupper reduksjonen kjem i. Frå 2003 til 2004 fekk me eit inntektstap på litt over 2 mill. p.g.a. ein mindre reduksjon i folketalet (9 personar). I 2006 vart reduksjonen i rammeoverføringa p.g.a. folketalsnedgangen på ”berre” ca. 400’.

Skatteinntekt (art 870)

Budsjettert skatteinntekt i 2006 var på kr. 45.134.000,-.

Skatteinntektene i Tysnes kommune vart kr. 46.422.000,-. Det er ein auka på kr. 3,85 mill. frå 2005 til 2006. Auken i høve budsjettet var på nær 1,3 mill.

Rammetilskot (art 800)

Rammetilskot og skjønstilskot var tilsaman budsjettert med kr. 61.175.000,-.

Skatteinntektene på landsbasis auka meir enn i Tysnes. Dette fører til at Tysnes kommune får auka inntektsutjamning gjennom rammetilskotet. Innleiingsvis skreiv me at ut frå folketalsendringa skulle inntekta av rammetilskotet vore redusert med ca. 400.000,-. I staden syner rekneskapan at det er inntektsført kr. 62.466.000,-, d.v.s. ein auke på nær 1,3 mill.

Me ser at inntektsauken på skatt og rammetilskot forklarar mykje av overskotet til Tysnes kommune.

Brukerbetalingar (art 600:619)

Det er inntektsført eit mindre beløp i 2006 enn året før. Hovedforklaringa er driftsendringa på Tysnes aldersheim og reduserte inntekter på Tysnes sjukeheim. På helse- og sosialetaten er det ein inntektssvikt på 700.000,- samanlikna med opprinneleg budsjett.

Andre sals- og leigeinntekter (art 620:670)

Inntektene her er m.a. sal av mat, gebyr oppmåling, byggesaksgebyr, husleigeinntekter og kommunale avgifter renovasjon, kloakk og slam.

Inntektene er noko høgare enn budsjett – det er særleg gebyr på oppmåling og byggesaksgebyr som syner positive avvik i høve til budsjettet.

Overføringar med krav til motyting (art 700:780)

Denne posten syner mykje høgare inntekt - nær 8,9 mill. i høve til opprinneleg budsjett. Forklaringa er at det ikkje har vore budsjettert med inntekt momskompensasjon drift, 3,25 mill. (det er heller ikkje budsjettert utgift på samme størrelse). Vidare er det inntektsført sjukepengar og svangerskapspengar på tilsaman nær kr. 4,5 mill. mot ca. 1 mill. i budsjett. Overføring frå andre kommunar er ca. 0,5 mill. høgare enn budsjett.

Statstilskot til barnehagar, psykiatrien og ”tunge” brukarar er inntektsført med kr. 12,2 mill. mot 11 mill. i opprinneleg budsjett.

I 2006 fekk Tysnes kommune ei meirinntekt på kr. 456.000 på ”tunge” brukarar. Trass dette sleit helse- og sosialetaten i 2006. Etaten har eit underskot på kr. 1,1 mill.

Dei andre etatane kjem ut med positive avvik på tilsaman kr. 2,4 mill.

Andre statlege overføringar (art 810)

Kompensasjon for renteutgifter skulebygg og omsorgsbustader/sjukeheimsplassar og bustønad.

Ei meirinntekt på kompensasjon skulebygg og omsorgsbustader på ca. 250.000,-. Dette skuldast renteoppgang i 2006. Det største avviket er eit skjønstilskot til barnehagane på 857.000,-. Dette er avsett til bunde driftsfond.

UTGIFTER

Lønsutgiftene

Utgiftene til løn utgjorde kr. 89.444.000,- mot 86.654.000,- i 2005. Dette tilsvarer ein auke på 3,22 %. Dei sosiale utgiftene vart reduserte med 1 mill. frå 24.381.000,- til 23.380.000,-. Forklaringa er at utgiftene til KLP har vorte reduserte med 1,1 mill. i 2006 samanlikna med 2005. Dette trass i at me hausten 2005 vart varsla om at pensjonsutgiftene i 2006 ville verta like høge som i 2005.

Rente/avdrag

Nettoutgifta til renter og avdrag er ca. kr 100.000,- mindre enn budsjettert.

Avdragsutgiftene er slik som budsjettet.

Renteinntekt/-utgift er noko høgare enn budsjettet. Forklaringa er at det ikkje er budsjettert renteinntekt og renteutgift på etableringslån.

Fondsavsetning/ - bruk

Det er i året brukt 1,1 mill. av fond og tidlegare års overskot.

Det er avsett nær 1,5 mill. til fond.

Utfordringa

Me starta denne gjennomgangen med at Tysnes kommune i 2006 har hatt ei positiv inntektsutvikling samalikna med budsjettet. Ser me framover i 2007 så kjenner me til at inntektene i skatt/rammetilskot vil verta reduserte på grunn av folketalsnedgang. I 2007 er utgiftene i Tysnes kommune høgare enn inntektene. Utfordringane for Tysnes kommune vert å auka inntektene – helst ved at ein aukar folketalet.

1.1 Utvikling i frie inntekter

Mill. kr.	Rekneskap 2006	Rev. Budsjett 2006	Budsjett 2006	Rekneskap 2005	Budsjett. 2005	Rekne- kap2004
Skatt	46,422	45,134	45,134	42,570	42,800	41,154
Rammetilskot	61,566	60,275	60,275	55,251	53,878	52,311
Momskompensasjon	0,740	1,017	1,017	0,955	1,100	3,767
Refusjon Reform 97/ Komp. Skulebygg	0,604	0,500	0,500	0,543	0,520	0,581
Komp.sjuekeh/omsb.	1,087	0,943	0,943	1,013	0,956	1,124
Skjønsmidlar	0,900	0,900	0,900	1,200	1,200	1,400
Sum	111,319	108,769	108,769	101,532	100,454	100,337

1.2 Utgifter og inntekter etter art

Mill. kr.	Rekneskap 2006	Rev.budsjett 2006	Budsjett 2006	Rekneskap 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004
Løn	111,5	109,5	105,9	109,8	103,5	105,3
Kjøp av varer	25,6	25,8	24,3	23,0	22,3	23,0
Kjøp av tenester	5,1	5,3	5,3	3,7	4,2	5,1
Andre utgifter	6,4	4,2	6,3	6,4	5,8	6,9
Sum utgifter utan renteutgift	148,6	144,8	141,8	142,9	135,8	140,3
Salsinntekter	23,5	23,5	24,2	23,6	23,0	23,9
Refusjonar	23,7	18,1	14,8	24,3	13,9	23,6
Overføringar	112,8	109,8	109,0	101,4	101,5	100,5
Sum inntekter	160,0	151,4	148,0	149,3	138,4	148,0

1.3 Renterisiko

1000 kr	Mill kr	Rente %	% av samla lånegjeld
Lån utan rentebinding			73.1%

Tysnes spareb Husbanken	8.189 0.079	6 3,5	
Kommunalbanken	46.784	3,8	
KLP	0.488	3,8	
Kommunekreditt	10.013	3,8	
Fastrente til 2007	1.957	6,2	2,2
Fastrente til 2008	7.598	5,2	8,5
Fastrente til 2009	3.037 / 1.920	2,7/3,7	5,5
Fastrente til 2012	9.605	4,3/4,4	10,7
Gjeld i alt	89.670		100 %

1.4 Utviklinga i kommunen sine fond

1000 kr	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005	Rekneskap 2004
Bundne drifts- fond	9.347	8.649	7.810
Disposisjons- fond	9.487	9.709	12.229
Bundne investe- ringsfond	21	280	256
Ubundne in- vesteringsfond	85	85	210
Sum	18.940	18.723	20.505

1.5 Oversyn over likvide midlar

1000 kr	Rekneskap 2006	Rekneskap 2005	Rekneskap 2004
Omløpsmidlar	41.422	27.774	23.404
Kortsiktig gjeld	21.106	19.450	22.308
Fondsavsetningar	18.940	18.723	20.505
Unyttå lånemidlar	8.183	7.599	6.248
Lån av likviditets- reserven	12.159	19.807	27.325
Udisponert over- skot	5.352	1.808	1.668
Sum, netto	40.632	16.648	2.192

Konklusjon

Me fekk eit gledeleg positivt resultat på årsrekneskapen for 2006. Årsakene til dette ligg i hovudsak i ein markant høgare skatteinnngang og større inntekter gjennom rammetilskot enn forventå, og ein god del lågare pensjonskostnader enn det me på førehand var bedne om å ta høgde for.

At me fekk eit betre resultat enn det kommunen opphavleg budsjetterte med, hadde økonomi-sjefen orientert om lenge før årsskiftet. Med den totalt sett optimistiske budsjetteringa kom-munestyret har lagt opp til for 2007, er det m.a. ein føresetnad å nytta noko av overskotet for 2006 som ein uoffisiell "buffer" mot utfordringar som måtte dukka opp t.d. opp mot ramme-tilskot/folketalsutvikling.

I samband med den store gjeldsbyrda kommunen etter kvart har fått, har kommunestyret gjort vedtak om at låneopptaket no ikkje skal vera høgare enn det som vert betalt i årlege avdrag. Samstundes har det vore understreka at det er viktig for kommunen å skaffa seg eit større handlingsrom. Dette handlingsrommet må då nettopp koma gjennom overskot på drifta.

Å sy saman investeringsbudsjettet i økonomiplanen er ikkje ei enkel oppgåve. Det er mange gode tiltak det dessverre ikkje vert plass til. Me må derfor stadig stilla oss sjølve spørsmål om det finst rimelegare måtar å gje like gode eller betre tenester på.

Med vår desentraliserte struktur har me etter kvart svært mange bygg som treng "pleie og omsorg" både i form av vedlikehald og nyinvesteringar.

Dei siste par åra har me blitt færre å dela dei kommunale kostnadene på, eller sagt på ein annan måte så har me fått ei utfordring med ei negativ folketalsutvikling og dermed relativt sett reduserte inntekter for kommunen. I 2006 har det vorte arbeidd hardt og med stort engasjement frå fleire for å få snudd denne utviklinga. Ny strategisk næringsplan er komen på plass og det har vore ymse møte der temaet har vore korleis me kan snu utviklinga i Tysnes til det positive.

Sjølv om det totalt sett er ein tendens til ei netto fråflytting frå distrikta, er det grunn til å vera optimistisk på Tysnes sine vegner framover. Me ligg sentralt til mellom Os/Bergen og Stord, og med stadig betre kommunikasjonar, både digitalt og for reisande til/frå kommunen må det vera grunn til å tru at Tysnes kan vera attraktiv som bukommune for mange også framover. Me må og tru og håpa at ymse næringsprosjekt som p.t. er på planleggingsstadiet vert realiserte, og dermed fører med seg fleire arbeidsplassar i kommunen.

Tysnes rådmannskontor, 21. mars 2007

Audun Hovland
rådmann

2. Årsrapport for sektorane

2.1 Sentraladministrasjonen

2.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis a vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret. I 2006 har begge desse kontora hatt stillingar i vakanse i heile eller delar av året. Ein del oppgåver vert ikkje utførte på grunn av manglande kapasitet.

Årsverk	faktisk 2003	faktisk 2004	faktisk 2005	faktisk 2006	plan 2007
Sentrale administrative funksjonar	8,7	8,3	8,2	8,0	8,5
Tenester: kultur, bibliotek, idrett miljø, flyktning og næring	2,6	2,6	2,3	2,2	2,2
Sum	11,3	10,9	10,5	10,2	10,7

2.1.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2004	2005	2006
Kommunestyre	52	63	56
Formannskap	110	111	100
Adm	6	-	-
Klagenemnd	-	-	-
Andre	15	6	13

2.1.3 Økonomisk resultat

Investeringar

	Budsjett 2006	Rekneskap 2006
Ballbinge Tysnes sk.	0	305
EDB	300	303
Kyrkje investeringar	400	597
Kjøp av aksjar i Tysnesbrua AS	0	100
Kjøp av aksjar i Tysnesbrbeiband AS	0	101
Sum investering	700	1.406

2.1.4 Oppnådde resultat

Administrasjon og leiing

For å få meir ut av ressursane våre er me stadig på jakt etter betre måtar å løysa oppgåvene våre på. Målet er heile tida å finna ein balanse mellom budsjett, tenester og menneskelege ressursar. Nye løysingar kan innebera samarbeid med andre kommunar eller omorganiseringar av eiga verksemd. Me må og ha ei kontinuerlig vurdering av kva nivå me skal leggja oss på for å gje eit fullnøyande servicetilbod. Førsetnadene endrar seg heile tida.

I 2006 vart det sett i gang eit arbeid med å sjå på den politiske strukturen i kommunen. Eventuelle endringar her må naturleg óg sjåast opp mot den administrative organiseringa me har.

For oss som arbeider i ein kommune, som er ein mangslungen organisasjon med ei rekkje ulike oppgåver og funksjonar, er det elles alltid ei utfordring å trekkja i lag. - Dette gjeld kanskje særskilt når mange opplever nedskjeringar eller frysing av sine delbudsjett. Det er nok elles og mange som ikkje tenkjer over at me er tilsette i same verksemd, sidan me har til dels svært ulike gjeremål. Dei tilsette i rådhuset opplever til dømes ofte å verta omtala som "dei i kommunen" av andre som sjølve og arbeider i same organisasjon. Dette viser nok at me har eit stykke fram før me tenkjer som ei eining. Når det er sagt er Tysnes kommune heldigvis jamt over velsigna med dyktige og arbeidsame tilsette som ønskjer å gjera ein god jobb.

Vedtaksoppfølging

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak. Saka kom opp etter opptak frå kontrollutvalet.

Formannskaps- og kommunestyrevedtak i 2006 som kan vera rimelege å nemna i denne samanhengen er Olavsgildet, offentleg servicekontor og bustadsosial handlingsplan.

Når det gjeld ordlyden i vedtaket i høve Olavsgildet om at "målsetjinga er at spelet skal setjast opp første gong i 2007 – eventuelt i 2008", så kan dette synast noko optimistisk. Oppsetjing i 2007 kan me sjå vekk frå, og det kan etter rådmannen si vurdering også verta ei rimeleg stor utfordring å få dette til i 2008.

Saka om offentleg servicekontor vart utsett då ho var oppe i formannskapet. Dette skjedde mellom anna utifrå at utvalet sjølve ønskte å kartleggja ulike løysingar.

Når det gjeld bustadsosial handlingsplan, så vart det først på haustparten vedteke at kommunen skal utarbeida ein slik plan. Representantar frå kommuneadministrasjonen har etter dette vore i eit opplæringsmøte med Husbanken. – Etter Husbanken sine retningslinjer er fristen for ferdigstilling av planen sett til 01.03.08.

Dei fleste punkta i "Headvisor – vedtaket" frå seinhaustes 2005 skulle no vera "bearbeidde." Eitt av punkta har me likevel så langt ikkje fått høve til å gå særleg inn i: "Kommunal fakturering må greiast ut. Kva er følgjene av at all fakturering vert lagt til økonomikontoret? Konsekvensar, personellmessig og eventuell innsparing må koma fram."

Gjennom revisjonsrapport 1 av 11. april 2006 har det kome pålegg om avstemming kvar månad mellom løn og rekneskap. Dette har me ikkje makta å gjennomføra. Me arbeider med opplegget, som når det vert sett ut i livet vil føra til mindre arbeid ved årsavslutninga.

Etter opptak frå kontrollutvalet valde formannskapet i møte 06.06.06 eit utval som skulle sjå nærare på korrupsjons- og etikkspørsmål. Etter det me forstår har ikkje nemnda kome i gong med arbeidet sitt.

EDB

Også innan IT gjev statlege krav og restriksjonar oss ein del utfordringar. Datatilsynet stiller strenge krav til handsaming av sensitiv informasjon som t.d. pasientjournalar og barnevernsaker, medan ulike statlege organ stiller krav til rapportering via IT-baserte fagsystem av ymse informasjon gjennom KOSTRA. Dette gjer at me i mange høve lyt føreta investeringar og programvareoppdateringar som elles ikkje hadde vore naudsynte. Eit døme er innføringa

av IPLOS i 2006 innan helse- og sosialetaten. Dette går ut på registrering og rapportering til staten av ei rekkje opplysningar vedkomande brukarane i omsorgstenestene. Dette medførte; At dataprogrammet for omsorgstenestene måtte oppgraderast, at 2 gamle serverar måtte skiftast ut med kraftigare utgåver og ein god del meirarbeid for administrasjonen.

IT-planen vår vart vedteken i 1998, og er no blitt forelda. Me er i ferd med å starta på oppdateringa av denne.

Elles er me med i samarbeid med andre kommunar innan fleire område. Eitt område er kart på nettsidene. Saman med 18 andre kommunar i Nord-Rogaland, Sunnhordland og Hardanger har Tysnes kommune lagt ut tekniske kart på internett på www.fonnakart.no.

Personal

Både i 2004, 2005 og 2006 har me hatt større og mindre vakansar i personalkonsulentfunksjonen. Over desse tre åra stod stillinga ledig i ca. 14 månader. Noko av dette har vore bevisst i forhold til å spara driftsutgifter. Med så pass lange periodar utan personalmedarbeidar, har for mange sentrale oppgåver vorte nedprioriterte på dette feltet.

I 2006 vart det første halvår arbeidd gjennom ei partsamansett gruppe; 3 personar frå arbeidsgjevar og 4 personar frå dei lokale organisasjonane, med utforminga av ein lønspolitisk plan. Planen vart vedteken av kommunestyret i oktober i 2006.

Økonomikontor

Økonomikontoret har driftsansvaret for kommunen sine økonomifunksjonar, herunder budsjett, rekneskap, skatt, løn og rapportering.

Flyktning

I 2006 fekk kommunen utbetalt integreringstilskot for 3 personar.

Statistikk frå Statisk sentralbyrå viser at svært mange flyktningar flyttar frå små kommunar og inn til dei større byane i løpet av dei fem første åra. Dette er i samsvar med mønsteret på Tysnes. Dei fleste, både einslege og familiar, har etterkvart valt å flytta frå kommunen.

Kommunen har sidan 2001 ikkje fått førespurnad frå Utlendingsdirektoratet om å busetja flyktningar, og kommunen har heller ikkje eit generelt vedtak om busetjing.

Miljø og naturvern

I første kvartal 2006 vart ordninga med eigen miljøvernkonsulent i ei lita deltidstilling teken bort.

Beredskap

Plan for helsemessig og sosial beredskap vart vedteken tidleg i året. Representantar for kommunen deltok elles på eit seminar Fylkesmannen arrangerte med hovudvekt på helse- og sosialberedskap.

Næring

Det at heile produksjonsverksemda ved Ensy AS er flytta ut av kommunen, er ei dramatisk, om ikkje uventa, hending innan næringslivet i kommunen. Tapet av desse arbeidsplassane har heldigvis i noka mon vorte kompensert gjennom høg aktivitet i andre verksemder i kommunen, samt m.a. gjennom etablering av LOS Marine AS.

Ny strategisk næringsplan vart vedteken i kommunestyret på haustparten. Planen inneheld ei rekkje målsetjingar opp mot det å få til ei positiv utvikling i kommunen framover.

Tysnes Kraftlag/Tysnes Breiband si satsing med å byggja ut breiband via fiber held fram, noko som er svært positivt både for Tysnessamfunnet generelt og næringslivet spesielt. Det vert og stadig arbeid for å betra andre kommunikasjonar både internt i og til/frå kommunen.

Bedriftsretta investeringsstøtte frå 01.01.07 er positivt. Likeså det pågåande reguleringsplanarbeidet for Godøysund.

Kultur

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturvern, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, planarbeid og koordinering.

Bibliotek

Biblioteket har i 2006 vore bemanna med 67% stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held også ope på dagtid to dagar i veka.

Eit hovudmål i 2006 var å auka bokutlånet, som var på totalt 3479 bøker og andre medium mot 3668 året før. Men ein skal ikkje berre døma aktiviteten ved biblioteket etter utlånstala. Ei rekkje andre sider ved biblioteket si verksemd kjem ikkje så lett til syne i statistikken, som m.a. ymse refereransetenester, arrangement osv. Bruken av biblioteket har i denne perioden gått opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala vil auka som følgje av ei langsiktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein stor "miljøfaktor" i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange ungdommar. Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd.

Eit anna hovudmål vart nådd i 2006. Omlegging til Tidemann biblioteksystem har medført heilautomatisering av bibliotekdrifta, noko som har gjeve biblioteksjefen betre høve til å konsentrera seg om andre oppgåver.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. Det lokalhistoriske aspektet vert ei hovudsatsing for biblioteket frametter. Såleis vert det arbeid for ei permanent Heggland-samling og ei lokalhistorisk samling og ymse andre oppgåver, i samarbeid med Tysnes Sogelag – då særleg med å gjera den lokalhistoriske biletsamlinga tilgjengeleg for ålmenta. Sjølv om det vil vera naturleg for biblioteket å byggja opp og disponera ei lokalhistorisk samling, er ein likevel avhengig av eksterne midlar til ei slik drift.

Eit viktig steg mot ei betra bibliotekdrift må vera å auka mediabudsjettet og modernisera det totale tilbodet. Sjølv om biblioteket har flytta inn i moderne lokale er det utstyrmessig eit av

dei dårlegaste i fylket. Det er såleis å ønskja at ein kan få løyvd pengar til nye hyller for å betra lagringskapasiteten, samt anna turvande utstyr.

Kulturvern

Kommunen gjev stønad til prosjekt etter søknad. Det vart løyvt tilskot til å leggja ut innsamla stadnammmateriale frå Tysnes på Internett og det vart løyvt midlar til Solstråleøya Venelag.

Arbeidet med SEFRAK-registreringa vart vidareført i 2006.

Kulturformidling

Kunstlaget Njardarlog hadde også i 2006 utstillingsverksemd på Årbakka. – I 2007 skal laget ikkje ha drift her.

Tysnes kommune har i fleire år gjeve stønad til dei laga og friviljuge som gjennom mange år har utvikla Årbakka Handelsstad til å verta den mest kjente turistattraksjonen i kommunen.

Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og alt sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Friluftsliv

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held vedlike 10 område.

Rydding, merking og vedlikehald av turstigar bør halda fram i samarbeid med lag, organisasjonar og skulane.

Tysneshallen

Bruken av Tysneshallen har vore stor gjennom året. I tillegg til den ordinære aktiviteten har hallen til dømes vorte nytta til turneringar, utdanningsmesse, dansearrangement og til og med sirkus. Det vert lagt ned eit stort dugnadsarbeid, noko som er med å sikra at driftsresultata er langt betre enn mange av oss trudde på førehand.

I meldingsåret vart det elles gjort eit stort stykke arbeid for å betra dreneringa rundt hallen. Dette var naudsynt då det oppstod ein del problem i samband med tidvis store nedbørsmengder.

Barne- og ungdomsarbeid

Teatergruppa "Dukkenikkerne" vitja Grendatun med framsyning under Kystsovevekene med stønad frå Den kulturelle skulesekken

Det vart løyvt tilskot til Tysnes Racing Crew, ein open "mekke"- og treffklubb for ungdom.

Generelt kulturarbeid

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte:

Rentestønad, oppstartingsstilskot, kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar.

I 2006 deltok kommunen med 4 arrangement under Kystsogeveke.

Me har delteke på reiselivsmesse og vore representerte i arbeidsgruppa for Strategisk handlingsplan for reiselivet i Sunnhordland. Vidare har me koordineringsarbeid for Kystsogeveke og kulturarbeidsgruppa.

Det langsiktige arbeidet bør gå mot kulturbasert næring/reiseliv, kulturminne og planarbeid.

2.1.5 Samla vurdering

Sentraladministrasjonen har også i 2006 køyrt med reduserte ressursar. Det minkar ikkje på oppgåvene, og nye utfordringar dukkar stadig opp. Me er velsigna med politikarar som vil mykje, noko som ikkje alltid gjer det like lett å fordela og disponera dei administrative ressursane som er tilgjengelege. Sjølv om me ikkje alltid klarer tidsfristane forvaltningslova set, sørgjer dyktige og arbeidssame tilsette for at hjula stort sett går rundt som dei skal. I ei tid med eit stadig krav om effektivisering vert utfordringa å sjå om me kan få endå meir ut av innsatsfaktorane framover.

2.2 Undervisning

2.2.1 Organisasjon

Ansvarsområdet for skulekontoret har også i 2006 vore:

- ◆ grunnskulane m/SFO
- ◆ barnehagane
- ◆ kulturskulen
- ◆ vaksenopplæringa

Grunnskulen.

Ved utgangen av 2006 har kommunen 5 skular, 3 med elevar på 1.- 6. klassesteget, 1 med elevar på 1.- 4. klassesteget og 1 med elevar på 5.-10. klassesteget.

Ved årsskifte 2006/07 var det totalt 379 elevar i grunnskulane i Tysnes, 239 på barnesteget og 140 på ungdomsteget.

37 elevar gjekk ut av 10.klasse våren 2006, og 27 elevar tok til i 1.klasse hausten 2006.

Tabellen nedanfor syner utviklinga av elevtalet på dei ulike skulane dei fire neste skuleåra med utgangspunkt i vedteken struktur, seinast vedtak om samanslåing av opptaksområda for Uggdal og Tysnes skular.

	haust 07	haust 08	haust 09	haust 10
Lunde skule	28	26	27	22
Onarheim skule	40	35	30	24
Reksteren skule	10	11	9	12
Tysnes skule	75	78	87	85
Uggdal skule	87	79	67	67
Sum barneskulane	240	229	220	210
Ungd.skulen	119	114	99	106
SUM:	359	343	319	316

Barnehagen.

Ved utgangen av 2006 hadde 106 barn plass i barnehagane i kommunen. Dette utgjør 84 % av alle barn i førskulealder (f. 2001 – 2005).

Det er 28 barn under 3 år i barnehagane, av totalt 46 born i kommunen. (61 %)

I aldersgruppa 3-5 år er det 78 born i barnehage (av totalt 80). (98 %)

Det kan sjå ut som at dekningsprosenten har stabilisert seg dei siste to åra, også når det gjeld born under 3 år. Jfr tabellen nedanfor.

Dekningsgrad	2004	2005	2006
Under 3 år	48 %	63 %	61 %
Over 3 år	98 %	100 %	98 %
Totalt	80 %	85 %	84 %

Med utgangspunkt i fødselstala dei siste fem åra, tek me med ein tabell som syner barnetalet fordelt på krinsar:

Fødselstal	2002	2003	2004	2005	2006
Lunde	5	6	1	4	1
Onarheim	5	2	1	5	3
Reksteren	2	1	3	0	1
Tysnes	7	8	11	9	9
Uggdal	10	10	7	7	8
SUM	29	27	23	25	22

Årsverk og tilsette

I barnehagane har me hatt ca.24 årsverk. I skulane har det vore til saman ca. 63 årsverk.

Det er små endringar i høve til året før.

2.2.2 Politisk aktivitet

Tal saker til politisk handsaming

Utval	2005	2006
Oppvekst/omsorg	8	12
Kommunestyret	3	3

Når det gjeld oppfølging og effektivering av politiske vedtak, meiner me at alle vedtak er følgde opp etter føresetnaden.

2.2.3 Økonomisk resultat

Her vert det synt til rekneskapen for 2006.

2.2.4 Oppnådde resultat i høve til handlingsprogram

Det var ikkje vedteke noko nytt handlingsprogram for året 2006. Dette vart sist gjort i kommunepansamanheng for året 2003. Me har difor stort sett halde oss til same malen og handlingsmåla som vart vedtekne då.

Grunnskulen

- Driva kampanje for trivsel og tryggleik i skulen

Verksemdplanar og årsmeldingar frå skulane syner at arbeidet mot mobbing vert vidareført. Ein skule har arbeidd med Olweus-programmet. Nokre har egne handlingsplanar mot mobbing. Fleire av skulane har drive med ulike former for trivselsfremjande tiltak og utvikling av sosial kompetanse.

- Vidareføra satsinga på IKT gjennom oppdatering av maskinparken

Også i 2006 har utviklinga gått i rett lei på dette området. Dei fleste lærarane har no fått berbar PC og tilgang på eit digitalt opplæringsprogram som skal setja dei i stand til å skaffa seg den naudsynlege kompetansen.

Heimesidene til skulane er mykje brukte, og er ein viktig faktor i informasjonsflyten frå skulane.

Arbeidet med læringsplattforma er kome ulikt langt på skulane, men utviklinga går i rett lei.

- Styrkja overgangen ungdomsskule/vidaregåande skule gjennom deltaking i prosjekt i Midthordland skule- og barnehageregion.

Eit samarbeidsprosjekt mellom ungdomsskular og vidaregåande skular i regionen, som vart starta opp våren 2002, har halde fram med ulike tiltak, m.a. når det gjeld arbeid med programfag til val.

- Innføra bruk av VUK (vurdering utan karakterar) i skulane i Tysnes

Alle skulane fekk i 2003 innføring i VUK, og hadde forplikta seg til å starta opp arbeidet med dette arbeidet. Av årsmeldingane for førre skuleår kan ein lesa at dette i nokon grad er følgt opp. Men det har ikkje vorte gjennomført noko systematisk evaluering av dette.

- Skulevurdering

For å ivareta kravet i § 2 i forskrift til opplæringslova om skulevurdering, har kommunen gått inn for å slutta seg til eit regionalt samarbeid på dette området. Dette samarbeidet kom i funksjon hausten 2004. I november 2006 vart Onarheim skule vurdert av den regionale vurderingsgruppa.

Vurderingsrapporten vart lagd fram for Oppvekst/omsorg på møte i januar 2007.

Skulefritidsordning

- Oppretthalda tilbodet på flest mogeleg skular

I 2006 har det vore skulefritidstilbod ved alle skulane i kommunen.

Ved utgangen av året var det ca. 47 elevar i kommunen som nytta seg av SFO-tilbodet. Dette utgjer ca. 34 % av elevane i småskulen.

- Vurdera samarbeid om SFO ved skular som ligg nær kvarandre

Etter at elevane frå Tysnesbygda byrja på småskulen i Uggdal, har dei også fått SFO-tilbodet sitt ved denne skulen.

Kulturskule

- Oppretthalda tilbodet på noverande nivå

Ser ein året under eitt, har aktiviteten vore vesentleg mindre enn vanleg. Dette skuldast i hovudsak sjukemeldingar og permisjonar.

Innhaldet i undervisninga har likevel vore om lag det same som tidlegare.

Det har vore undervisning på: Piano/keyboard, gitar, bassgitar, song, slagverk og messing/aspirantundervisning.

Kulturskulen sel også timar til kor og korps.

Vaksenopplæring

- Gje tilbod om norsk m/samfunnskunnskap til flyktningar og innvandrarar

Aktiviteten på dette området har minka mykje i høve til tidlegare år. Ved utgangen av 2006 var det 4 elevar som fekk slik opplæring.

Frå hausten 2006 har vaksenopplæringa halde til i klubbhuset til Njardar.

- Gje tilbod om vaksenopplæring til dei som har rett til det etter opplæringslova
 Dette tilbodet er no redusert til eit minimum.

Barnehage

Det vert drive mykje godt arbeid i barnehagane. Alle barnehagane har laga egne årsplanar, som m.a. syner at barnehagane arbeider godt med den nye rammeplanen som vart gjort gjeldande frå 1.august 2006.

Kommunenivået har pr i dag ikkje kapasitet til å følgja opp det ansvaret som ligg til kommunen når det gjeld tilsyn og oppfølging av barnehagane på ein god nok måte.

2.2.5 Samandrag

Kommunen har eit tilfredsstillande barnehagetilbod, sjølv om det sporadisk kan vera ventelister ved nokre av barnehagane. Tendensen er at fleire og fleire ynskjer utvida plass til borna sine i barnehagane. Når ein også ser at fleire foreldre søker plass til borna sine alt frå dei er eitt år gamle, kan det koma til å verta vanskar med å gje plass til alle, sjølv om barnetalet går ned i åra som kjem.

Kommunestyret har gjort ein del endringar i skulestrukturen. Dette vil føra til ei betre tilpassing til dei økonomiske rammene, som har vorte trongare. Samanslåinga av Uggdal og Tysnes skular til eitt opptaksområde, ser ut til å ha gått bra så langt.

Skulefritidstilbodet ser ut til å ha stabilisert seg på dei fleste skulane.

Kulturskulen treng framleis ein base med egne, varige lokale.

Omfanget av innvandrarundervisninga har vore minkande, men det vil truleg likevel verta trong for dette tilbodet i åra som kjem.

2.3 Helse- og sosial

2.3.1. Økonomiske resultat

	1000 kr i løpande prisar		
	Rekneskap 2005	Rev. b. 2006	Rekneskap 2006
Utgifter og inntekter			
Sum driftsutgifter			
Sum driftsinntekter			
Sum finansutgifter /			
Sum finansinntekter			
Nto driftsutgifter	40 281'	42 516'	43 677'
Investeringar			
Sum utgifter			
Sum inntekter			
Nto utgifter/inntekter	302'	1 065'	3'

Investeringane gjeld:

Tysnes sjukeheim

2.3.2 Utviklingstrekk i etaten

Investeringar

Den største netto investeringa gjeld Tysnes sjukeheim med kr. 174' og netto kr. 3'

Drift

Nto driftsutgifter på h.k. 1.3 vart 43.677' mot revidert budsjett 42.516', dvs. eit driftsunderskot på kr 1.134'.

Tysnes sjukeheim hadde det største negative budsjettavviket med eit driftsunderskot på Kr. 1.124'' medan heimhjelp hadde det største positive budsjettavviket med eit driftsoverskot på kr. 178'.

Plan- og utgreiingsarbeid som er gjennomført i 2006:

- Opplæringsplan i helse- og sosialetaten 2006
- Beredskapsplan for helsemessig og sosial beredskap
- Sjukepleiarsituasjonen på Tysnes sjukeheim
 - ekstraordinære rekrutteringstiltak
- Oppretting av kompetanseteam for personar med demens
- Forpliktande avtalar om samarbeid mellom Helse Fonna og Tysnes kommune
- Samarbeidsavtale mellom Helse Fonna og Tysnes kommune / psykiatri
- Handlingsplan for psykisk helse 2006 – 2008
- Plan for psykisk helsearbeid i Tysnes kommune 2007 – 2010
- Tverrfagleg gruppe – helseførebyggjande arbeid med barn og unge
- Evaluering av Tysnes Bedriftshelseteneste
- Interkommunal legevakt
- Bustadsosial Handlingsplan – oppstart av planarbeidet
- Samarbeid vedkomande organisering og finansiering av felles voldtektsmottak
- Deltaking i "Flink med folk"- prosjektet, "LØFT", "Myndiggjorte medarbeidarar" og "Effektiviseringsnettverk" i regi av KS

- Pilotprosjektet "EVUK" (Etter- og vidareutdanning i kommunehelsetenesta) der 3 leiarar har fullført leiarutdanninga "Rettleiing som verkty for leiarar" 10 tilsette (sjukepleiarar, vernepleiarar, hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar) deltek på 2 ½ årig utdanning i regi av Høgskulen i Bergen.

Rekneskapen med underskot/overskot fordelar seg slik:

1.30_ Administrasjon	kr - 35'
1.31_ Helse	kr -104'
1.32_ Sosial	kr - 48'
1.33_ Pleie- og omsorg	kr-1064'
1.337 Psykisk helse	kr -
1.34_ Tiltak for funksjonshemma	kr 81'
1.35_ Bedriftshelseteneste	kr 39'
1.36_ Kontakten	<u>kr - 3'</u>
	kr-1134'

2.3.3. Helseavdelinga

Helsestasjonen

På helsesøster sin hovudarena som er helsestasjon og skulehelsetenesta har 2006 bydd på mange kjende, men og nye utfordringar.

Frå 2006 starta vi med å gje tilbod om påfyll med kikhostevaksine/Tetravak til alle elevane i 2 klasse og vi flytta difor og helsekontrollen frå 3 klasse til 2 klasse.

I frå juli 2006 vart den nye pneumokokk konjugatvaksinen innført. Dette er eit tilbod til alle spedbarn og det vert gitt 3 doser av denne vaksinen i det fyrste leveåret til barnet. Desse nye tiltaka er og med å auka arbeidsmengda for oss helsesøstre.

I skulehelsetenesta fekk vi fleire tunge sakser der barn og unge slit med krevjande og store problem. Vi har hatt mange som har blitt tilvist BUP-Stord og dei har absolutt hatt krav på helsehjelp der. Dei har fått tildelt time for utredning og behandling, men som etter å ha stått fleire månadar på vent, ikkje har fått timane dei var tildelt. Det har vore fleire brått på venteliste-garantien på BUP-Stord i 2006. Dette har ført til stor belastning for dei barna/unge m/foreldre som dette gjeld og det har ført til ekstra mykje arbeid på oss lokalt. Trongen for eit nærare samarbeid med barnevernet har vore aukande i mange situasjonar i år 2006.

For jordmor har 2006 vært eit jevnt år, men vi håpar på fleire gravide og fødsjar i tida som kjem. Etter at dei gravide får lov å velja om dei vil gå til kontroll hos lege eller jordmor, har det vorte mykje meir trykk på jordmor. Det er eit ynskje at dei også kan bli kjent med fastlegen. Dette går bra og det kjennes tilfredstillande å verta godt kjent med familien som ventar barn. Ein del kvinner treng tettare oppfølging.

Jordmor har vært med ein del gonger på møte med legane der aktuelle tema har vore teken opp.

Jordmor har fullført kvinnehelsekurset med praksis på Haugesund sjukehus og har starta opp med å ta etterkontroll etter fødsel.

I 2006 hadde jordmor og helsesøster samtalegrupper for 10 klasse i ungdomsskolen. Det er godt å vera 2 vaksne når ein skal driva slike grupper.

På helsestasjonen har vi satsa på å oppdatere oss i reisevaksinasjon ved å hospitere på Stord + at vi har hatt kurs i reisevaksine lokalt. Dette har vert svært nyttig for oss, då spørsmål om reisevaksine er stadig aukande.

Personellmessige forandringar:

I august 2006 var at helsesøster Aslaug Singelstad gjekk opp i frå 50 % til 80 % stilling, med fri kvar onsdag. Medan helsesøstervikar Jorunn Bjordal gjekk frå 50 % vikariat ned til 20 % stilling og arbeidar no 1 dag i veka. Dette har ført til omlegging av ein del ansvarsområder for oss.

Nye utfordringar i 2007:

- Få til eit interkommunalt samarbeid om å få gi tilbod om **"Godt Samliv"** kurs til fyrstegongs foreldre.
- Innføring av dei nye retningslinjene for undersøking av syn, hørsel og språk hos barn, der det vert anbefalt systematisk observasjon av kommunikasjon, språkforståing og talespråk. Dette ved m.a. å **bruka kartleggingsverktøyet SATS og SPRÅK 4, på 2 og 4 års konsultasjonen**. Vi vil då ha trong for opplæring i form av kurs for å kunna nytta dette kartleggingsverktøyet.
- Me ynskjer også å få **meir veiledning** via ein ekstern veileder i vårt arbeid som helsesøster.
- **Det må gjerast eit krafttak for elevar som slit** og her er skulehelsetjenesta eit viktig reiskap til å fanga opp elevar som slite. Denne innsatsen må skje i nært samarbeid med andre aktuelle faggrupper.
- Det er trong for og auka opp vår **kompetanse** innan psykisk helse og i veiledning- og konsultasjonsmetodikk.
- Jordmor har ynskje om å hospitera på Fødeavdelinga på Stord. Det er stadig nye ting som skjer og det er viktig for å skapa tryggleik med å vera fagleg oppdatert og kjenner til om nye rutinar ved helse Fonna.

Ergoterapitenesta

0,6st. kommuneergoterapeut.

Arbeidsoppgåver: Kartlegging av funksjon. ADL/funksjonstrening. Stimulera til eigenaktivitet. Tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rådgjeving ved bustadendring, vurdering av tekniske hjelpemiddel, ergonomiske tiltak, funksjonsvurdering i bilsaker m.m.. Korttidsutlån av kommunale hjelpemiddel. Deltak i tverrfagleg Inntaks – og rehabilite-

ringsmøte/arbeid. **Kontaktperson** for kommunen til Hjelpemiddelsentralen i Hordaland (HMS). Samarbeid med interkommunal synspedagogisk teneste på Stord.

Ressursutnytting/måloppnåing: Tilvisingar: Om lag 56 samt 10 overført frå 2005. Desse er fordelt slik: Frå lokalt helsepersonell og skule samt enkelte frå 2. og 3.line tenesta (ca 24), frå brukarar (16), frå pårørande (19). Ergoterapeuten har vore på 115 heimebesøk, samt hatt pasientkontakt i form av oppmøte på kontoret (62), også mange småsaker inni mellom som er ordna på tlf. m.m. (ca 40). Ergoterapeuten har sendt 70 søknader/rekvisisjonar til HMS om hjelpemiddel til Folketrygda og 34 service-rapportar på reparasjon av hjelpemiddel. Korttidsutlån av hjelpemiddel frå kommunalt lager til minst 30 personar, samt arbeid med hjelpemiddel som skal i retur til HMS etter opphøyrd bruk (dødsfall m.m.).

Totalt er det i kommunen over 2000 hjelpemiddel frå Folketrygda, til ein samla verdi av minst 10 millionar. I tillegg kjem hjelpemiddel som kommunen får overta gratis frå HMS, og som blir brukt til kommunalt korttids- utlån i open omsorg og i institusjon.

Ergoterapeuten må diverre bruka ein del arbeidstid på vaktmeister-relatert arbeid p.g.a. manglande vaktmeister-teneste for arbeid med hjelpemiddel på dagtid, og altfor dårleg kapasitet på den ordninga som no er etter ordinær arbeidstid.

Kommunal varebil til m.a. ergoterapitenesta fungerer veldig bra.

Har delteke i intern opplæring Cosdoc, samt enkelte eksterne kurs.

Fysioterapitenesta

Me har i 2006 igjen hatt eit år med mykje utskiftingar og vakansar. Ann-Helen Selle vart tilsett i ca 85 % stilling i midten av januar som vikar for Lene Sagen Ringeling, som då gjekk ut i svangerskapspermisjon. Inga Derksen vert tilsett i 50 % fast stilling og 10 % vikariat for Lene frå 1. mars. Denne stillinga hadde då stått vakant sidan november 2005. Ann-Helen sa opp og slutta i juli. I midten av august byrja ein ny vikar, Camilla Eide, i denne stillinga.

Lene skulle egentleg komma attende frå permisjon i slutten av november 2006, men utsette dette til slutten av januar 2007. Camilla fortsette då i hennar vikariat.

Trass i nye fysioterapeutar og vakansar i løpet av året, synest me at dei svært varierende oppgåvene våre vart gjennomførte på ein god måte. Likeeins ser me eit stort behov for å leggja til rette for meir stabilitet i fysioterapistillingane.

For 2007, som for tidlegare år, vil det vera eit sterkt behov for fagleg oppdatering og høve for vidareutvikling av tenesta. Dette fører til behov for innkjøp av meir trenings- og rehabiliteringsutstyr og auke i utstyrspott og ikkje minst kurspott.

2.3.4 Sosialavdelinga

Bemanning: Sosialkonsulentstilling var redusert frå 100% til 80% stilling til ca. 04.09.06. Sosialavdelinga var då bemanna med 1,87 stilling.

32 mottakarar av sosialhjelp – 29 tilskot – 6 lån (3 begge deler)

17 personar mottok støttekontakttenester.

5 personar mottok avlastningstenester.

Barnevernstenesta mottok 41 uromeldingar på barn i Tysnes.

36 barn mottok hjelpetiltak etter bvtl. § 4-4.

167 saker er handsama innan heile sosialavdelinga sitt ansvarsområde.

2.3.5 Pleie- og omsorgsavdelinga

Aktiviteten innafor pleie- og omsorgsavdelinga har stort sett vore stabil gjennom året. Den største endringa er nedlegging av Tysnes aldersheim som institusjon pr. 01.03.06.

Personell:

- Ved Tysnes sjukeheim vart tilsett ny avdelingssjukepleiar frå oktober 2006.
- Ved Hovland bu- og omsorgssenter kom leiar tilbake etter permisjon juni 2006.
- Leiarane innafor pleie- og omsorgsavdelinga har elles vore stabile.
- Det har vore god rekruttering av sjukepleiarar frå hausten 2006.

Edb:

- Elektronisk journal er teke i bruk i pleie- og omsorgsprogrammet CosDoc frå hausten 2006, og opplæring er gjeve til tilsette.

Samarbeidsutval Helse Fonna:

- Pleie- og omsorgsavdelinga er med i Samarbeidsutvalet i Helse Fonna for Stord sjukehus og kommunane Stord, Bømlo, Kvinnherad, Fitjar og Tysnes.

Kompetanseoppbygging:

- Gjennom Høgskulen i Bergen er Tysnes med i eit 4 - årig pilotprosjekt "Klinisk kompetansestige for helsepersonell", EVUK, saman med 3 andre kommunar, Austevoll, Lindås og Kvam. Dette blir avslutta juni 2007.

10 tilsette deltek, og slik er fordelinga frå dei ulike arbeidsplassane:

Tysnes sjukeheim: 3 hjelpepleiar/omsorgsarbeidar og 1 sjukepleiar.

Heimetenestene: 1 omsorgsarbeidar og 1 sjukepleiar.

Bustader pu Uggdal: 2 hjelpepleiar/omsorgsarbeidar.

Bustader pu Vågsmarka: 1 hjelpepleiar/omsorgsarbeidar og 1 vernepleiar.

- 1 tilsett deltek på desentralisert sjukepleiarutdanning ved Høgskulen i Bergen.

- Pleie- og omsorgsavdelinga har hatt 2 lærlingar i omsorgsarbeidarfaget vk II våren 2006 og 1 lærling hausten 2006, desse har læretid i 2 år innafor helseinstitusjon, sosiale tenester og heimebaserte tenester.

Tysnes sjukeheim

Innkjøp:

- kjøpt inn 4 nye senger
- kjøpt inn 9 nye nattbord
- nytt spisebord og stolar
- 4 nye kvilestolar
- 2 nye Pc ar

Kompetanse:

- EVUK prosjektet vidareført med 4 deltakarar.
- Tilsynslege og avdelingsleiar 2 dagar kurs utgreiing demens.
- Temadag om demens i regi av Olaviken alderspsykiatriske sjukehus, særleg for assistentar.
- Avdelingsleiar, miljøeining delteke i nettverk demens, og nystarta kommunalt demensteam.
- Opplæring av heile personalgruppa på Cos Doc journalsystem. Innføring av databasert dokumentasjon har bidrege til betre kvalitetssikring av tenesta.

Rekruttering fagpersonell:

Mange permisjonar i sjukepleiargruppa, 3 morspermisjonar og diverse andre omrøkkeringar har ført til vanskar med å sikre forsvarleg sjukepleiedekning, særleg i første halvdel av året. Det vart leigd inn to svenske sjukepleiarar gjennom vikarbyrået Personell Helse, noko som vart kostbart, men var heilt nødvendig for å sikre faglege forsvarlege tenester i denne perioden. Frå hausten 2006 betra dette seg, og sjukepleiedekninga er no tilfredstillande.

Sjukeheimen deltok på Yrkes- og bedriftsmessa i Tysneshallen for å fremja rekruttering til faget i ungdomsgruppa.

Arbeidsmiljø:

Mange senioravtalar med tilsette, der vi prøver å leggje til rette for å stå i arbeid ut over 62 år.

Mange arbeidstakarar (7) med helsetilpassingar som inneber lettare arbeidsoppgåver. Positivt for dei det gjeld, men kan føre til auka sjukefråvær, auka belastning for øvrig personale, og gjer det vanskeleg å gå utan vikar ved fråvær.

God tilbakemelding på arbeidsmiljøet. Sjukefråværsprosent gjennom året var 8,3 %

Økonomi:

Underskot i rekneskapen på ca. 1,2 mill skuldast både overforbruk lønsmidlar og sviktande inntekter.

Me vurderer heile tida strengt inntak av vikarar ved alle slags fråvær. Senioravtalar- og helsemessige omsyn gjer at me oftare enn før likevel må ta inn vikar. Mange arbeidstakarar over 60 år fører til auka utgifter til ferievikar.

Store utgifter til sjukepleiar i bakvakt første halvår. God tilgong på sjukepleiarar 2. halvår, medfører høgare lønsutgifter.

Kursing Cos Doc for 70 personar, opplæring av 2 kontorassistentar og EVUK ført til større vikarutgifter.

Ikkje budsjettert vikarbruk når avspasering høgtidsturnus.

Institusjonsplassar:

Tysnes sjukeheim har 39 institusjonsplassar nytta til langtids- og korttidsopphald.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Vi har aktiv bruk av rehabilitering og nyttar korttids plassane til å trenar opp brukarane til å klara seg heime lengst mogeleg. Vi har ikkje venteliste på langtids plass for brukarar med behov for det.

Dette fører til ledige plassar i periodar, og lavare eigenbetaling under 60 døgn, dermed mindre inntekter.

Inneklima:

Me har slite med kulde i bygget heile den kalde årstida dette året og. Både bygget og inventaret ber preg av slitasje.

Ymse:

Me har ikkje greidd å gjennomføra Shift Manager til timelistefunksjon slik vi hadde sett oss føre, men satsar på nytt dette året.

Tysnes aldersheim/Hovland bu- og omsorgssenter:

- Tysnes aldersheim vart nedlagd som institusjon f.o.m. 01.03.06, og alle bebuarane som hadde behov for vidare langtids plass i institusjon fekk tilbod om dette i Tysnes sjukeheim.
- bustaden fekk nytt namn, Hovland bu- og omsorgssenter, og tilbodet vidare i tidlegare aldersheimsbygget vart bufellesskap, med leige av hybel og tilbod om tenester som heime-sjukepleie, heimehjelp, tryggleiksalarm, vaskeriteneste, kjøp av måltid m.m.
- i byrjinga budde det 1 bebuar i bufellesskapet, maksimalt har ein kunna gjeve tilbod til 5 bebuarar.

- det har vore gjort personellreduksjonar på ca 1,67 årsverk i 2006, m.a. 50 % stilling hjelpeleiar/ omsorgsarbeidar, 50 % stilling assistent og omgjering av nattevakt til delvis kvilande nattevakt.
- kjøkkendrifta er oppretthalden på same nivå som tidlegare.
- Hovland bu- og omsorgssenter er base for heimetenestene i område 1.
- vaskeriet yt tenester for sjukeheim, bufellesskap, bustadane og nokre private verksemdar.

Heimetenestene:

Personell

Det er eit godt arbeidsmiljø blant tilsette i heimesjukepleien og heimehjelpstenesta. I heimesjukepleien har det vore langtidssjukefråvær blant 2 av dei tilsette, noko som gjev ein høg sjukefråværprosent.

I heimehjelpstenesta har det også i periodar vore ustabil med vakanse i stillingar og ein del sjukefråvær.

BHT la fram rapport etter arbeidsmiljøundersøking blant heimehjelpargruppa hausten 2006, som gjev gode tibakemeldingar. Ein del av personalgruppa slit med muskel- skjelettlidingar.

Sjukefråvær gjennom året i heimesjukepleien 20 %.

Sjukefråvær gjennom året i heimehjelpstenesta 6,1 %.

Totalt brukarar av heimehjelp og heimesjukepleie pr. 31.12.06.

Heimetenestene, med heimehjelp og heimesjukepleie er delt inn i 2 område.

- Område 1 Onarheim / Nymark: 22 brukarar
- Område 2 Tysnes - Lunde - / Uggdal - Flatråker - Reksteren: 106 brukarar
- BPA, brukarstyrt personleg assistent: 1 brukar
- Omsorgsløn: 7 personar

Tryggleiksalarmar:

Tysnes kommune har samarbeidsavtale med Hjelp 24 Trygghetsalarm A/S pr. 31.12.06:

- 46 alarmer til utleige

Trygde- og omsorgsbustader og bustader for psykisk utviklingshemma:

Kommunen disponerer 55 bueiningar til utleige.

- Trygdebustader: 12
- Omsorgsbustader: 32

- Bustader psykisk utviklingshemma: 11

2 ledige omsorgsbustader på Hovland pr. 31.12.06 vart leigd ut på den private marknaden.

Det er brukarar som bur heime med eit stort hjelpebehov som krev auka omfang av hjelp. Skal me kunne gje gode nok tenester til brukarar i eigen heim som alternativ til institusjonsplass, er det eit særleg behov for å styrke bemanninga i heimesjukepleietenesta.

Ein er glad for at tenesta er styrka med nye 2 x 50 % stillingar for sjukepleiar f.o.m. 2007.

Bustader pu Uggdal og Vågsmarka:

- blant brukarane som bur i bustadane merkast det at fleire av brukarane blir eldre, blir pensjonistar, mister arbeidstilbod og treng nye tilbod t.d. innafør dagsenter.
- det merkast også at brukarar får dårlegare helse og får eit auka hjelpeomfang.
- ein brukar frå pu bustader Vågsmarka flytta til institusjonsplass hausten 2006.
- fleire av bebuarane har vore på ferieturar både til utlandet og innalands, ifrå pu Vågsmarka var to av brukarane med på tur 1 veke til Kypros i september.
- personalet i begge pu bustadane er stabile, det er i periodar eit høgt sjukefråvær blant dei tilsette noko som tyder på slitasje.
- ei prosjektgruppe arbeider med å sjå på årsaker til sjukefråværet, og finne alternative tiltak for å løyse dette.

Psykisk helsevern

- I 2006 fekk Tysnes kommune tildelt kr. 1 924 000 som øymerka midlar til psykisk helsevern. Fylkesmannen i Hordaland har godkjent alle rapportar som vi må sende inn i samband med opptrappingsplanen for psykisk helse. Heile summen er nytta.
- Psykisk helsearbeidar for barn og unge avslutta si vidareutdanning i psykisk helsearbeid ved HSH –Stord i juni 2006.
- Ny ”Plan for psykisk helsearbeid i Tysnes Kommune for 2007 – 2010” er skreve og vedteken i kommunestyret i des. 2006.
- KS har utarbeidd eit spørjeskjema som skal nyttast i brukarundersøking retta mot brukarar av psykisk helsevern (ferdigstilt okt. 2006) Vi sendte spørjeskjema ut til alle brukarane av psykisk helsevern i nov 2006. Resultatet er klart i jan 2007.
- Nytt lokale for dagsenterdrift frå 1. juli 2006. Leigekontrakt i 5 år med MKM Eiendom v/Kåre Malkenes.
- Mars 2006 starta me opp med eit nytt tilbod på dagsenteret retta mot brukarar som har vanskar med rus og psykiatri. Psykiatrisk sjukepleiar, i tillegg til assistent tilsett på

engasjement, har leia tiltaket. I vårsemesteret var tiltaket ope ein gong pr. veke, men i haustsemesteret måtte me redusera til annan kvar veke. Det har vist seg at oppmøtet har vore svært ustabil. Nokre aktuelle brukarar har vegra seg for å byrja, medan andre har i lengre periodar vore innlagt i rusinstitusjonar.

- Tysnes kommune støtta Mental Helse Sunnhordland og LEVE – Fonna lokallag, kvar med kr. 5000,-
- ”Kommunal plangruppe for kost og ernæring, fysisk aktivitet og sosial kompetanse” vart starta opp hausten 2006. Psykisk helsearbeidar for barn og unge og helsesøstrene er med i plangruppa. Resultatet av dette prosjektarbeidet er klart våren 2007.
- Tverrfaglege samarbeidsgrupper har halde fram. Psykiatrigruppa har hatt 3 møter, TEBU –gruppa 4 møter og B-gruppa har hatt 5 møter. Ein gong i månaden har det vore tverrfaglege møter mellom psykisk helsevern og helsestasjonen.
- Markering av ”Verdensdagen for psykisk helse”. Tema i år var: Barn, familie og samfunn – ”Sjå meg” . Her i Tysnes hadde vi føredragshaldar frå Bergensklinikkene, Arne Klyve. Det lokale tema vart:” Sjå barnet ditt. Korleis ta signala på rus og psykiske vanskar” Stort oppmøte og omtale i lokalavisa.
- Psykiatrisk sjukepleiar har gjennomført opplæring på bruken av nytt/oppgradert dataprogram. All journalføring føregår no via dataprogrammet ACOS – CosDoc.
- I løpet av 2006 har vi hatt to sjukepleiarstudentar i praksisopplæring i 2 x 8 verker. Dessutan har ein lærling i omsorgsfaget hatt opplæring i ein periode på ca.2 mnd.
- Samarbeidsavtale mellom Tysnes kommune og Stord DPS vart underteikna i febr. 2006. Tysnes kommune tok så initiativet til at ei liknande avtale vert laga mellom kommunen og BUP (barne – og ungdomspsykiatriske poliklinikk) Arbeidet er starta opp.

Ressursutnytting:

Ca. 70 brukarar har vore knytta til psykisk helsevern i løpet av året. Av desse er ca. 32 under 18 år. 3.5 årsverk, samt ca. kr. 21.000,- i engasjementstilling, har vore løna over øyremerka midlar til psykisk helsevern. 4 brukarar har tilsaman fått tildelt 14 timar støttekontakt pr. veke, 8 brukarar har vore knytta til dagsenteret om måndagar, 5 brukarar har hatt dagsentertilbod om tysdagar, og 4 brukarar har møtt fast på ” Torsdagsturane”

2.4 Landbruk og teknisk etat

2.4.1. Organisasjon

Etaten er organisert med teknisk sjef som leiar for 5 fagområde med kvar sin avdelingsleiar: jordbruk, skogbruk, brann- og byggjesak, kart og oppmåling, og kommunalteknisk drift for bygg og eigedom.

Årsverk og tilsette

	Faktisk 2002	Fak- tisk 2003	Faktisk 2004	Faktisk 2005	Faktisk 2006* *	Plan 2007
Adm.	1,08	1,08	1,15	1,05	1,20	1,20
Jordbruk	3,48	3,48	3,48	3,13	3,125	3,125
Skogbruk og vilt	0,62	0,62	0,62	0,62	0,30	0,30*
Kart og oppmåling	2,0	2,0	2,0	1,90	1,90	2,00
Brann og feiing	2,2	2,2	2,2	2,20	2,275	2,275
Byggesak	2,05	2,55	2,55	2,50	2,30	2,30
Bygg og eigedom	4,1	4,05	4,05	3,85	3,85	3,85
Tysneshallen				0,30	0,30	0,20
Drift av gravplassar	0	0	1,1	1,10	1,10	1,10
Veg	2,0	2,2	1,15	1,20	1,20	1,20
Vatn, avløp, reno- vasjon og slam- tøming	1,9	1,77	1,70	1,65	1,65	1,65
Sum årsverk	19,5	20,0	20,0	19,5	19,20	19,20

- Situasjonen fram til 1/5-07

** Ved siste del av året, reduksjon skog og vilt frå 1/5, og endring forkontor frå 1/8-2006. 0,3 av 19,5 stilling er nytta og finansiert av "Tysneshallen" i 2006. Frå 2007 er denne redusert til 0,2.

2.4.2 Politisk aktivitet

Vert presentert under kvart fagområde.

2.4.3 Økonomisk resultat. Drift og Investeringar

Går fram av overordna og detaljert rekneskap lagd fram av rådmannen. Sjå elles omtale under handlingsplan.

Kommunen har vedteke egne planar for:

Hovudplan for skogsvegar 1999.

Trafikkrafiksikringsplan 2001 – 2004

Hovudplan for vassforsyning 2000 – 2004

Hovudplan for avløp 2000 – 2005

Landbruksplan 2004

Avfallsplan for SIM 2000 - 2003

Kystsonenplan

Risiko- og sårbarheitsplan

Oversiktsplan for skogbruket

Kommuneplan 2003 – 2015

Slik det går fram av oversynet er tida komen for rullering av fleire av planane. Eit oppdatert planverk er eit godt fundament for målstyrt bruk av kommunen sine samla ressursar.

2.4.4. Rapport – handlingsprogram/økonomiplan – Kommunalteknisk drift, bygg og eigedom

Den verbale handlingsplanen i kommuneplanen er ikkje rullert i 2005, med oppsetting av nye mål for 2006, anna enn dei som går fram av økonomiplanen. Rapporten her vert derfor i hovudsak relatert til økonomiplanen.

Kommuneplan – 2003 - 2015 Handlingsprogrammet / Økonomiplanen 2006	Årsrapport 2006 Resultat	Evaluering, eventuell omprioritering til neste handlingsprogram
DIVERSE PROSJEKT		
<p>Energisparande tiltak ENØK-Prosjekt 2003 / 2004 Deltakande bygg : Tysnes skule, Uggdal skule, Onarheim skule, Lunde skule, Rådhuset, Tysnes sjukeheim, Tysnes Aldersheim, Uggdal kyrkje</p> <p>MÅL : 20% strømsreduksjon med enkle tiltak. Vågsmarka barnehage vart målt utanom og viser stort sparepotensiale Vinst berre ved fokusering på strømsbruk er sett til 10 %</p> <p>Energiplan</p> <p>SD-anlegg / Strømsstyring</p>	<p>Prosjektrapport lagd fram Registrering og rapportering av strømsforbruk tom 2008.</p> <p>Målt mot energibruk i 2002 vart reduksjonen i 2003 – 20% (548 864 kWh – temperaturkorrigert) 2004 – 18 % (489 264 kWh – ikkje temperaturkorrigert) 2005 - 5% Ikkje temperaturkorrigert 2006 – 14,4 % Ikkje temperaturkorrigert Utsett i 2005 etter råd frå Tysnes Kraftlag.</p> <p>Ikkje gjennomført tiltak i 2006. Ikkje finansiert Spart 58490 kWh Uggdal skule i 2006 etter montering SD-anlegg i 2005.</p>	<p>Det er vanskeleg å vurdere målkriteriet i prosjektet.</p> <p>Utbygging av tekniske anlegg, auka bruk av datautstyr, meir utstyr som krev straum og varierende temperaturtilhøve medfører auka forbruk. Det er vanskeleg å få byggbrukarane til å slå av strømsbrukande utstyr som datautstyr, det er auka krav til komforttemperatur, og gamalt utstyr ”stel” straum.</p> <p>Med kostnadsutviklinga på energisektoren bør ein vurdere å etablera kommunal energiplan med tanke på alternativ energibruk i bygga og energisparande tiltak.</p> <p>Står att å komplettera anlegga på rådhuset og Lunde skule samt etablera anlegg på Onarheim skule.</p>
<p>PCB Sanering Ljosarmaturar</p> <p>Vindaug</p>	<p>Skifta 40 mindre armaturar i Trygdebustader og barnehagar i 2006</p> <p>Ikkje tiltak i 2006</p>	<p>Resttiltak vert gjennomført parallelt med rehabilitering Uggdal skule, Onarheim skule og Tysnes skule</p> <p>Er slike att på Tysnes skule, Onarheim skule og Uggdal skule. Ufarleg så lenge dei ikkje vert våte i pakning med smitte til brukarane. Så langt mogleg gjennomføra utskifting i samband med rehabiliteringstiltak i ØKP 2007 – 2010</p>
<p>Parkeringsplass og tilkomstveg Vågsmarka PU/ Barnehage</p>	<p>Ikkje utført. Skisseplan laga.</p>	<p>Ikkje fullfinansiert i ØKP 2007 - 2010</p>
<p>Klyppeutstyr Grøntanlegg/Gravplassar</p>	<p>Utsett innkjøp til 2007</p>	<p>Nytilsett må ”arbeidast” inn i jobben før kjøp</p>
ADMINISTRASJONSBYGG		

<p>Rådhuset Branntryggleik</p> <p>100 Hindringar</p>	<p>Vart søkt om tilskot kr 350 000,- til gjennomføring av tiltak for betring av tilkomsten for rørslehemma.</p>	<p>Står att å få på plass rutinar for brannøving og etablering brannvernperm.</p> <p>Nådde ikkje opp. Tiltaka bør vidareutviklast og gjennomførast/samordnast seinast med etablering av NAV kontor.</p>
<p>Tinghuset Tilrådd å selja huset i 2003 og 2004.</p>	<p>Ikkje gjennomført i 2005</p>	<p>Ikkje gjennomført i 2006 Lagerplass i kjellar må kompensera.</p>
<p>SKULEBYGG Har på generelt grunnlag reist spørsmål om strukturrasjonalisering av byggbruk og rehabilitering/fornyng av skule/barnehagebygga På Tysnes skule er det mykje skadeverk på bygget og misbruk av brannvarslingsanlegget. Fleire tilhøve er meldt til lensmannen. Utvikling mot meir skadeverk i småskulene.</p>		
<p>Lunde skule Brann- og El-dokumentasjon</p> <p>Utvida skuleplass og parkeringsplass</p> <p>Utbetring akustikk Storaastova</p>	<p>Gjennomført i 2006</p> <p>Ikkje i ØKP for 2007 - 2010</p> <p>Gjennomført målingar og fått framlegg til tiltak</p>	<p>Sikringstiltak i 2007</p> <p>Tiltak bør gjennomførast i ØKP-perioden.</p> <p>Tiltak vert gjennomført i 2007</p>
<p>Uggdal skule Brannsikring</p> <p>Rehabilitering</p> <p>Arbeidstilsynet - Innemiljø</p>	<p>Brannører etablert 2006</p> <p>Utsett til 2007/2008</p> <p>Krav ferdig innan 31.12.07</p>	<p>Finansiert investering 2006</p> <p>Finansiert ØKP 2007 – 2010</p> <p>Me rekk ikkje måla i kravet</p>
<p>Tysnes skule Brannsikringstiltak og Utbetring etter El-tilsyn Tilrettelagt konferanserom og tiltak for rørslehemma elev</p> <p>Akustisk problem lærarom</p> <p>Asfaltert del av skuleplass</p> <p>Utviding kapasitet kontor for lærarane - Arbeidstilsynet</p> <p>Ombygging elevtoalett ungdomsskule</p>	<p>Arbeid starta 2005 ferdig 2006</p> <p>Heis, HK-WC, grupperom, GuteWC. Ferdig 2006</p> <p>Ferdig 2006 (krav arbeidstilsynet) Ferdig 2006</p> <p>Plan ferdig 2006. Krav ferdig innan 01.08.07</p> <p>Finansiert investering 2006</p>	<p>Finansiert Invest. 2005/2006</p> <p>Hastetiltak i 2006</p> <p>Finansiert drift 2006</p> <p>Finansiert drift 2006</p> <p>Finansiert Invest. i 2007 Me rekk å stetta dette kravet</p> <p>Utsett til 2007, tiltak kontor/ rørslehemma elev prioritert.</p> <p>Finans. drift 2006. Utsifting dører og oppussing klasserom står att</p>

Oppussing/maling korridorer osv i ungdomsskolen Rehabilitering barneskule, gymsal /kulturskule, symjehall elevtoalett jenter barneskule	Gjennomført 2006 Delfinansiert plan symjehall 2006.	Restløyving plan forprosjekt 2007. Oppstartløyving 2010
Onarheim skule Ventilasjon, Enøk/SD-anlegg, innemiljø, rømningsvegar, Brann og El. Dokumentasjon Rehabiliterer overflater inne og ute, nye vindauge og energisparande tiltak Arbeidstilsynet - Innemiljø	Prosjekt 2008 Gjennomført 2006 Ikkje finansiert Krav ferdig innan 31.12.08	Er arbeidd inn i ØKP 2007 – 2010 Sikringstiltak i 2007 og 2008 i Prosjekt 2008 Ikkje vurdert i eller finansiert som del av Prosjekt 2008 Me rekk truleg å stetta kravet
BARNEHAGAR		
Har på generelt grunnlag reist spørsmål om strukturrasjonalisering Barnehage / Skule		
Myklestad Barnehage Sikringstiltak etter brann og El-tilsyn Varme og ventilasjon, isolering Personalrom og garderober Rehabilitering deler av fasade Utviding våt- og tørrgarderobe for borna. Oppstillingsplass barnevogner og opprusting uteområde	Ferdig 2006 Ikkje finansiert 2007–2010 Ikkje finansiert i 2007-2010	Finansiert invest. 2006 Kalde golv, dårleg isolasjon i vegger, golv og tak. Dårlege vindauge. Bør prioriterast Her er behov for tiltak i kjellar vedkomande tilkomst til møterom / pauserom og komplettering personalgarderobar.
Lunde Barnehage Sikringstiltak etter brann og El-tilsyn Opprusting / Utviding og rehabilitering fasade og skifte vindauge. Parkering –sjå Lunde skule Ombygging til personalrom og garderobar på loft	Ferdigstilling i 2007 Laga planar for utviding av barnehagen i samsvar med plassbehov for det tal barn barnehagen er dimensjonert for, samt ombygging loft til personalrom. Var med i ØKP 2005-2008 med oppstart 2006.	Finansiert Invest. 2006 Ingen av tiltaka nemnd her er finansiert i ØKP 2007 – 2010 Gjekk ut i ØKP 2006 – 2009
Vågsmarka Barnehage Vøling havarett SD-anlegg Uteområde	Ikkje finansiert i 2006 Finansiert avsett løyving	Vurdera alternativ styring Tiltak 2007

Oppussing inne	Ikkje finansiert 2007 – 2010	Overflater og tilpassing etter kvart nødvending
HELSE – OG SOSIALBYGG		
Har på generelt grunnlag reist spørsmål om strukturrasjonalisering Sjukeheim/Bu- og omsorgs-senter/omsorgsbustader/trygdebustader		
Tysnes Aldersheim Tilkomst og parkering og kjøp av grunn El-tilsyn Ny bruk som bu- og omsorgs-senter Rehabilitering fasadar, ventilasjonsanlegg, Enøk-tiltak og utskifting vindauge i bustaddelen	Saka lagt på ”is” til klarlagt vidare behov og bruk Vart gjennomført nytt i 2006 Klarlagt i 2006 Desse tiltaka er ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010	Tilkomst bør ordnast dersom vidare kommunal bruk. Oppfølging tilsynet i 2004 Tiltak i 2007 Oppussing 5 rom m/ bad finansiert i 2007 5 rom m/bad att, som ikkje er pussa opp.
Tysnes Sjukeheim Rehabilitering eldste delen, forprosjekt og gjennomføring Tiltak etter ØKP 2006 – 2009 er lagt inn i Prosjektet.	Forprosjekt ferdig i 2006. I ØKP finansiert rehabilitering med oppstart 2008/2009 avhengig av tilskotsordning. Detaljprosjektering skal starta i 2007	Nye krav til isolering av bygg vil medføra tilleggisolering vegger og skifting av vindauge, noko som ikkje er med i kostnadsalkylen i forprosjektet
Omsorgs- / trygdebustader Oppussing husvære. Dei eldste byrjar bli sletne og må rehabiliterast Utvendig maling i eigenregi El-tilsyn Trygdebustader Hovland	Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010 Var med i ØKP 2006 - 2009 Værtilhøva stoppa maling ute i 2006 Tilsynsmynde gjennomført tilsyn 2006. Ingen merknader	Me har 44 slike bustader: 12 Trygdebustader - eldst 21 Omsorgsbustader 6 Omsorgsbustader på loft Aldersheimen 5 Omsorgsbustader på loft sjukeheimen

<p>PU – bustader Sikringstiltak etter Brann- og El-tilsyn. Hovudtyngd PU Uggdal m/ sprinkling Årleg oppussing tak/ vegger/belegg</p> <p>Ventilasjonsanlegg m/ varmegjenvinning type Villavent e.l. PU – Vågsmarka Vøla belegg etter berederskifte 2004</p>	<p>Oppstart 2006. Ferdigstilt 2007.</p> <p>Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010</p> <p>Ikkje tiltak i 2006</p> <p>Ikkje ferdig 2006</p>	<p>Me har 11 bustadeiningar 6 einingar og kontor i Våge 5 einingar, kontor og fellesrom i Uggdal</p> <p>Var med i ØKP 2006 - 2009</p> <p>Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010</p> <p>Driftrelatert finansiering 2006</p>
<p>Gjennomgangsbustad Oppussing eigenregi og dels innleidd hjelp</p> <p>Utvendig maling</p>	<p>Begge husværa pussa opp i 2006 etter fukt-/ dels mugg -skader og sterk slitasje. Vart malt i 2005, har ikkje klart å stoppa soppangrep</p>	<p>2 husvære til utleige . Finansiert driftrelatert 2006</p> <p>Må truleg målast att i 2007 samt vurdere å skifta kledning.</p>
<p>Personalbustad Prestebustad Uggdal inkl Hybel El-tilsyn</p> <p>Skifte tak, vindauge og råten kledning, samt oppussing</p>	<p>Tilsynsmynde gjennomført tilsyn 2006</p> <p>Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010</p>	<p>2 husvære til utleige</p> <p>Tiltak ikkje finansiert, men må gjennomførast i 2007</p> <p>Kledning søre veggen bles snart av.</p>
<p>Personalbustad Legebustad Våge El-tilsyn</p> <p>Oppussing husvære</p>	<p>Tilsynsmynde gjennomført tilsyn 2006 Tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010</p>	<p>1 husvære til utleige Tiltak ikkje finansiert, men må gjennomførast i 2007</p>

RENOVASJON, SLAMTØMING, AVLØP OG VASSFORSYNING		
Renovasjon Hovudplan 2000 – 2003 Gebyrgrunnlag og sjølvkostanalyse	Ikkje arbeid i gang Forvaltningsrevisjon 2006	Hovudplan forelda og bør fornyast I løpet av 2007, gjennomgå alle beta- lingstenester med omsyn til sjølv- kostprinsippet
Slamtøming private Slamtømerunde hus og hytte Gebyrgrunnlag og sjølvkost	Gjennomført 2006 Forvaltningsrevisjon 2006	Framdriftsplanen ”sprakk” I løpet av 2007, gjennomgå alle beta- lingstenester med omsyn til sjølv- kostprinsippet
Avløp kommunalt Hovudplan 2000 – 2005 Hovudkloakk Våge – Rein- seanlegg og sanering Øvre Klokkargarden Gebyrgrunnlag og sjølvkost Vee/Teigland og Gjerstad- neset - lokal ureining frå private kloakkanlegg. Avløp separate avløpsan- legg utan utslepp til sjø – Plan for miljømål ferskvassressursane	Prioritert 1 er sanering kommunale kloakkar i området Eidet - Reiso. Reinseanlegget er ved le- vetids slutt. Hyppige driftstopp. Stor innlekking av overvatn frå Øvre Klokkargarden Forvaltningsrevisjon 2006 Planarbeid og innsamling statusdata starta Finansiert i 2004 og 2005 Rakk ikkje gjennomføra i 2006. Bør samordnast med revisjon hovudplan avløp.	Bør vurderast å rullera planen Samordna tiltak med etablering gang- veg, kablar for kraftlaget og ny vassleidning for vasslaget. I budsjetthandsaminga 2006/2007 slutta formannskapet seg til å priori- tera dette prosjektet i 2007 I løpet av 2007, gjennomgå alle beta- lingstenester med omsyn til sjølv- kostprinsippet Vert sett på som sak der dei som ureinar må betala for tiltak for opp- rydding. Vurdera tilskot. Gjeld undersøking av resipienttilhøva for ferskvatn og etablering av plan for handtering av private utslepp av av- løpsvatn.
Vassforsyning Reservevassforsyning og beredskap	Ikkje tiltak i 2006	Reservevassforsyning og vassforsy- ning i beredskaps-samanheng ikkje på plass. Må vurderast om tilskots-ordninga skal halda fram i hht kommunestyret sitt vedtak Må vurderast om Kontakt-utvalet mel- lom kommunen og vasslaga skal vi- dareførast
KOMMUNALE VEGAR, KAIER OG BRUER		
Fleire av brøyteentreprenørane våre har varsla at dei vurderer å gje seg etter denne vinteren. Med problema me hadde innleiingsvis i 2006 i Lunde og Solheimsdalen med å skaffa ny entreprenør, kan det sjå mørkt ut å få erstatta noverande entreprenørar.		
Hovudplan Veg Kommunen skal utarbeida ein eigen vegplan.	Løyving 2003 (100`) Ikkje fullfinansiering i	Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av

	ØKP 2007-2010	tiltak
<p>Dokumentasjon av bruer</p> <p>Bru Hopsund Vurdering tilstand og eigartilhøve</p>	<p>Eigenkontroll 2006</p> <p>Stengt etter tilsyn 2006 Eigartilhøve ikkje klarlagt i 2006 er truleg kommunal.</p>	<p>Har samarbeid med Safe Control om tilsyn og dokumentasjon av bruene. Spesialundersøking konkluderte med stenging for køyrety tyngre enn 3 tonn.</p>
<p>Sikring/Utbetring av Kaier ArkivSak nr. 02/00038 Følgjande kaier er sterkt skada og utgjør trugsmål :</p> <p>Kai Elsakervågen – både tømmerkai og kommunal kai Flatråker kai – både tømmerkai og kommunal kai</p> <p>Gjøvåg kai - Fiskerihamn Kommunal overtaking</p> <p>Amlandstø kai – kommunal kai</p> <p>Malkenes Kai – kommunebrygge Gjestebrygga i Våge</p>	<p>Saksutgreiinga er ikkje ført fram for formannskapet.</p> <p>Finansiering skissert i ØKP 2007 – 2010 med opningsløyving i 2009. Stengt for all bruk</p> <p>Kommunal kai – bæresystem i ferd med å gå i oppløysing. Tømmerkaien er ok</p> <p>Tilkomst er skada, vurderer tilstand</p> <p>Stengt. Er heilt nedbroten og bør fjernast Er heilt nedbroten og bør fjernast Utbetra skadar i 2006</p>	<p>Utgreiinga er basert på Rapport frå kartlegging av tilstand.</p> <p>Bør vølast i samarbeid med Skogeigarlaget.</p> <p>Bør sikrast innan få år.</p> <p>Bør vurderer sal. Liten kommunal interesse her.</p> <p>Bør vurderer sal. Liten kommunal interesse her. Bør vurderer sal. Liten kommunal interesse her. Anlegget krev ordna tilhøve vedkommande tilsyn og vedlikehald. Ansvar bør plasserast.</p>
<p>Sikring/ forsterking av kommunevegar Sikring fjellskjeringar</p> <p>Forsterking av vegar / grøfting</p>	<p>Ingen tiltak 2006</p> <p>Tiltak 2006 – Lagt fiberduk inn som forsterking i samband med asfaltering i tillegg til grøfting Eldholm 1400 m², Hopsund 1000 m², .</p>	<p>Sikring må til i Lundehagen 2 og Veg til Lunde Kai. Ikkje finansiert.</p> <p>Kartlegging bereevne kommunevegane, utarbeiding handlingsplan forsterkingstiltak vert utført som del av Hovudplan Veg Plan ikkje restfinansiert og tiltak ikkje finansiert i ØKP 2007 – 2010</p>

Kommunevegar Asfaltering Asfaltert / sporfylt i 2006	Eldholm 641 tonn Hopsund 554 tonn Dalen 200 tonn Vågsmarka 5 73 tonn Avstryking mindre omfang til Flatråker kai og Aldersheimen	Tiltak med asfaltering skal i hovudsak ikkje utførast før vegen er grøfta tilfredstillande og har fått sett seg i 1 år. Diverre er undergrunnen og oppbygginga av dei gamle kjerrevegeane særsl dårleg og me vert for ofte tvungne til å sporfylla før grøfting er utført.
Trafikksikringstiltak / Trafikksikringsplanen Gangveg Uggdal Gangveg Lunde Aksjon skuleveg- tiltak	Statlege oppgåver for riks- og fylkesveg. Ikkje finansiert tiltak i 2006 Tenisk plan utarbeidd i 2004/05 Ikkje finansiert tiltak i 2006	Regplan ferdig 2005 Ein må prioritera å klargjera finansiering og gjennomføring av gangvegprosjekta.
KOMMUNALE BUSTADFELT – TILRETTELEGGING		
Lunde – Kattanes syd Sauabakkane 2 Vågsmarka 5 Onarheim 2	Starta arbeid med grunnlag for grunnkjøp Berre 5 tomter att Berre 10 Tomter att pr. årskifte. 8 tomter att pr, mars 07 7 Tomter att	Prioritet 1 mellom bygdene Hastar for å oppretthalda aktiviteten i bygda Må planleggja nytt byggjefelt i Uggdal om kort tid for å oppretthalda aktiviteten i bygda Må planleggja nytt byggjesteg med tanke på etablering innan 4 år for å halda oppe den optimismen som no rår. Bør vurderer omregulering av heile området for å skapa ny optimisme og eit sentrums-område i bygda.
VASSDRAGSPLEIE		
Elveregulering / Vassdrag	Ikkje tiltak 2006	Teke opp oppfølging og reklamasjon av elvesikringa i Reiseelva i 2005.

JORDBRUK

Tal *mjølkeprodusentar* er minkande og er no nede i 23 stk etter at fem kvoter på tot. 368 242 liter vart avhenda i 2006. Sju produsentar kjøpte 60 154 liter. Med tre geitmjølkeprodusentar i tillegg er det samla produsenttalet no 26, meir enn ei halvering dei siste ti åra. Total kvote er 1.529.094 liter, d.v.s. ein nedgong på knappe 17 % siste år.

Det er likevel positivt at mange husdyrprodusentar heldt ut trass dårleg lønsemd og uregulert fritid. Særleg er det gledeleg at samdrifta på Onarheim-sida vart etablert og er i godt gjenge med oppføring av ny driftsbygning. Pr 31.07.06 var det 82 stk som søkte produksjonstilskot, mot 86 sist.

Attgroing er eit aukande problem, noko som gjeld både dyrka- og kulturmark samt langs vegane. SMIL-ordninga (spesielle miljøtiltak i jordbruket) har hatt stor pågang og det kom inn søknader for kr 607.125. Med kr 204.000 til rådvelde måtte mange søknader avslåast.

Ei utfordring er haldninga til *langsiktig arealforvaltning*. Ved å nytta overordna plan- og lovverk til noko som ein dispenserer frå, i staden for å styra etter, ber det på sikt galt av stad. Når særinteresser heile tida skal møtast med ja, vil overordna samfunnsinteresser verte lidande og slå negativt ut på sikt.

Frå stat og fylke er det kome signal om skjerpa jordvern, strengare krav til oppføring og frådeling av hus nr to/kårhus samt auka krav til landbruksfagleg kompetanse i kommunane. Det er og signalisert at kommunane sjølve må gjera meir for å oppretthalda landbruksnæringa lokalt. Kommunen vert årleg tilført ca kr 973.000 i rammetilskot til landbruksforvaltninga.

I tillegg til det pågåande utredningsarbeid vedr. *mogeleg framtidig landbrukssamarbeid* med Fusa, Os, Samnanger og Kvam, er tilsvarande utredning opp mot Stord og Fitjar starta opp. Så langt føreligg det ikkje noko resultat.

Landbruksvikaren har vore nytta fullt ut og med overvekt av ”andre oppdrag”, litt mindre til ”sjukdomsavløyising”. Øyremerka tilskot frå staten til stillinga er kr 78.750 (52.500) medan eigenbetaling frå brukarane er kr 195.991 (211.831). Timepris er kr 150,-.

SKOGBRUK

Etter at skogbrukssjef Lars Inge Vik gjekk ut i permisjon våren 2006, er det Stord Fitjar Landbruks- og Miljøkontor (20 % stilling, fordelt på Magnus Johan Steinsvåg og Ove Gjerde), som har hatt ansvaret for skog- og viltforvaltninga i året.

Oppsummering: Gode tilskotsordningar, men framleis for dårleg engasjement frå skogeigarane si side, noko som syner att i for låg aktivitet innan hogst og skogkultur. Veganlegga som fekk løyvd midlar, skal starta opp i 2007.

Planlagt auke i skogkultur (rydding i plantefelt), samt at det er klarert fleire større hogstfelt i 2007.

Auka samspel mellom prosjekt ”Skog utan grenser”, skogeigarane og kommunen v/SFLMK vil gjera skogbruket meir synleg i åra framover!

Skogkulturaktiviteten:

Tradisjonen tru, så var det også dette året liten interesse blant skogeigarane for aukande aktivitet innan skogkulturen. Sjølv om det vart ytt 70% tilskot til skogkulturaktivitet, vart det berre planta 10 da i nye felt (samla kostnad om lag kr 12.000).

Skogbrukssjefen har vore i kontakt med fleire skogeigarar som bør ha større skogkulturaktivitet i 2007. Med bakgrunn i dette vart det på slutten av året søkt om 100.000 kr i ekstra NMSK-midlar for å gjennomføra turvande tiltak (planting, rydding, avstandsregulering m.m.).

Skogsvegbygging:

Tilgjengelege NMSK-midlar, om lag 358.000 kr vart ytt til 2 veganlegg. Dessutan vart kr 50.000 i kommunalt tilskot løyvd til 2 andre anlegg.

Det vart ikkje registert ferdiggjering av skogsveganlegg i året, men ein reknar med at oppstarta anlegg m.m. vert godkjende i 2007.

Tilskot til drift i bratt terreng; vart gjeve til 2 tømmerdrifter (220m³/15 da), samla kostnad omlag kr 57.000 kr (NMSK-tilskot kr 10.200).

”**Skog utan grenser**” er eit prosjekt som Tysnes kommune har vore deltakar i fleire år. Det vart utbetalt om lag 38.000 kr. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Vest Skog og fleire kommunar i området m.a. Tysnes.

Skogbruksjefen har gjeve melding til prosjektleiar, om at resultatet som kommunen/skogeigarane har fått ut av dette tiltaket ikkje svarar til forventningane. Saman med prosjektleiaren har skogbruksjefen no teke initiativ til fleire synfaringar og det er planlagt fleire større hogstfelt i 2007.

Total tilskotsramme til skogtiltak i Tysnes kommune i 2006:

Tilskot NMSK:	kr. 415.320
<u>Kommunalt tilskot til skogsvegar</u>	<u>kr. 50.000</u>
<u>Sum totalt løyving til skogtiltak år 2006</u>	<u>kr 465.320</u>

Løyvde tilskot 2006

	Statleg løyving (NMSK)	Kommunalt tilskot	Sum tilskot
Vegar	kr. 357.720	kr. 50.000	kr. 407.720
<i>Skog utan grenser</i>	kr. 38.000		kr. 38.000
Drift i vanskeleg terreng	kr. 10.200		kr. 10.200
Skogkultur:	kr. 8.000		kr. 8.000
<u>Sum</u>	<u>kr. 413.920</u>	<u>kr. 50.000,-</u>	<u>kr. 463.920</u>

Viltforvaltninga:

Oppsummering: Fornuftig forvaltning, men framleis stor hjortestamme

Hjortejakta: Av totalt 454 tildelte dyr, vart 382 felt i Tysnes i 2006. Det gav ein fellingsprosent på 84, mot 86 i 2005. Minstearealet vart redusert frå 750 da til 600 da i 2005 grunna stor hjortestamma og ønskje om å redusera bestandsveksten. Resultata frå registreringane i 2006 syner at bestanden er stor og livskraftig i kommunen. Tildeling av fellingsløyve har vore etter prinsippet retta avskyting, og uttaket har i 2006 som dei førre åra, hatt ei fornuftig fordeling etter kjønn og alder i hjortestamma.

Stadvis mykje skade innmark og produksjonsskog, samt ei ulik fordeling (tettleik) av dyr i kommunen, gjer at ei meir stammeretta valdorganisering og forvaltning er ønskjeleg og naudsynt i framtida. Større og meir tenlege valdeiningar vil gje rom og fleksibilitet til å løysa desse utfordringane som fylgje av den store hjortestamma.

Nøkkeltal viltforvaltninga 2006:

454 fellingsløyve
382 felte hjortar (84%)
1 søknad om skadeløyve etter § 13 i Viltlova (innvilga)
33 søknader om fråvik frå minstearealet etter § 6 i hjorteviltforskrifta (alle innvilga)
5 nye vald godkjend i 2006
2 søknader om bruk viltfondet
1 søknad om skadeløyve på ramn (innvilga)
1 søknad om skadeløyve på gråhegre (avslått)

Hjortakveld med aktuelle fagtema, samla om lag 50 interesserte deltakarar.

Samla oppsummering av skogbruk- og viltforvaltninga:

Kommunen v/SFLMK har etter avtale hatt til rådvelde om lag 20% stilling for å utføra den kommunale delen av vilt- og skogbruksforvaltninga i 2006.

Lars Inge Vik har sagt opp stillinga si i Tysnes kommune. Med bakgrunn i dette, er det også starta opp prosjekt for å finna ut om det for framtida kan vera ei løysing der ein formaliserer eit vidare samarbeid med nabokommunane (Stord og Fitjar). Nærare avklaring m.m. for dette vert avgjort i 2007.

Tross minimale tilgjengelege ressursar innan dei nemnde fagområda, har alle grunneigarar/skogeigarar m.fl. som har hatt førespurnad til kommunen, fått turvande hjelp for å utføra dei planlagte tiltaka på sine bruk m.m.

Det vil uansett for framtida vera viktig at m.a. grunneigarane/skogeigarane engasjerer seg på ein langt betre måte enn det som er stoda i dag, for å få ei ytterlegare forbetring innan vilt- og skogbruksforvaltninga, som deretter vil føra til auka i m.a. hogsten og skogkulturarbeidet og forbetring innan hjorteforvaltninga.

KART OG OPPMÅLING

Det har vore svært god budsjettoppnåing for 2006. Sjå statistikk nedanfor.

Kommunen er på internett med kart saman med 18 andre kommunar i Nord Rogaland, Sunnhordland og Hardanger gjennom www.fonnakart.no.

Samarbeidet om GPS-måleutstyr med Fusa kommune er no slutført. Kommunen har no fått sitt eige utstyr.

Målsetjing for 2007:

Målsetjing å få innført off.adresser i område Teigland-Våge. Arbeidet er i gong. Dette er eit arbeid som ikkje er prioritert framfor delingsaker.

Delingssaker

STATISTIKK OPPMÅLINGS-AVDELINGA	2002	2003	2004	2005	2006
Målebrev produsert	35	55	36	49	41
Tinglyste målebrev	9	3	14	16	16

Tinglyste målebrev totalt dette året	16	15	28	29	25
Målebrev produsert, ikkje tinglyst	26	52	22	33	36
Mellombels forretningar	3	8	14	2	3
Tinglyste mellombels forretningar	3	1	13	1	2
Mellombels forretningar, ikkje tinglyst	0	7	1	1	1
Tinglyste registreringsbrev	0	0	0	0	0
Registreringsbrev ikkje tinglyste	2	2	0	1	0
Kravde kartforretningar	41	82	55	60	44
Seksjoneringar		1	1	0	1
Saker i LANDBRUK\TEKNISK		4	1	3	-

Utvikling i gebyrinntekter

	2003	2004	2005	2006
Budsjett	366.000,-	419.000,-	503.000,-	530.000,-
Rekneskap	366.000,-	501.110,-	574.153,-	699.260,-

Selde tomter

Totalt i Vågsmarka 5 er det 21 tomter som enten er selde eller er tildelt av totalt 29.

AREAL- OG BYGGESAKER

Endringar i plan- og bygningsloven har medført store endringar og krav til meir omfattande sakshandsaming. Sjølv om det ligg føre ny arealdel til kommuneplanen er det framleis førespurnader, dispensasjonssøknader og klagesaker i LNF -områda. Desse sakene krev ei relativt omfattande sakshandsaming. Sakshandsamingstid er her om lag 6 mnd. grunna politisk handsaming i min. to møter og handsaming i fylket hos henholdsvis fylkesmannen og fylkesrådmannen m.fl. Saker som er relatert til hytter og fritidshus er framleis dominerande.

Handsamingrutiner: Er betra. Sjølv om det framleis er stor saksmengde er me no på rett veg når det gjeld lovpålagde sakshandsamingstider.

Noverande betalingsregulativ: Vart sett i verk i august 2002. I perioden 2002 - 2006 har det vore 5 - 7 klager/merknader på einskilde satsar. Sett i relasjon til saksmengde fungerer regulativet tilfredsstillande. Det er trong for revidering av regulativet.

Inntektsutvikling: Om lag 20% meir enn budsjettert. Må sjåast i samanheng med sakstype og ikkje direkte saksmengde.

Utvikling i saksmengde.

PBL.	2002	2003	2004	2005	2006
Bygningsråd/UIII/ L/T totalt.	185	283	293	307	321
Andel delegasjonssaker.	116	137	124	122	127

Tabellen angjev **berre** saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og forskrift om utslepp fra separate avløpsanlegg m.m. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Mål for 2007:

- Kortare sakshandsamingstid.
- Innkjøp av dataprogram for betre sakshandsamingsrutiner.
- Opplæring og kursing av sakshandsamarane inkl. forkontorpersonell.
- Revidering av betalingsregulativ for plan- og byggjesaker m.m.
- Betring av sjølvfinansieringsprosent.
- Utarbeiding/revidering av informasjonssider på internett for publikum.

BRANNVERN OG FEIING

Utøving av tenesta har vore tilfredsstillande. Det same gjeld samarbeid med andre etatar som lensmann og ambulanspersonell.

Avstand til brannstasjon gjer at einskilde mannskap har for stor forspenningstid i forhold til intensjonane i brannordninga. På Nymark er det etablert rode med fire mann. Mannskapet er ein del av hovudstyrken. Vaktordning for roden er ikkje etablert.

Brannvernet har enno ikkje operative røykdykkarar for alle fasar. Årsak: Manglande formell utdanning.

Gjeldande brannordning forutsett at brannvernet sitt overbefal skal bestå av brannsjef, varabrannsjef og ein brannmeister i heil stilling. For dei tre nemnde stillingskategoriane gjeld og vanleg beredskap og forspenningstid. Frå mai 1997 har kommunen vore utan varabrannsjef.

Utdanning/opplæring av befall og mannskap har kome godt i gang. Ny reform krev omfattande opplæring som skal skje i regi av Norges brannskole. Tre befall har formell godkjent utdanning. 4 mannskap fullførte desentralisert grunnkurs via NBSK. Resterande del av mannskapet og befalet stettar ikkje krav til ny utdanningsreform.

Oversyn over utrykkingar

	2002	2003	2004	2005	2006
Brann i bygning	2 (3)	3	1	2	2
Bilbrann	0	0	0	0	0
Pipebrann	1	11	1	1	3
Gras, lyng og mindre skogbrann	0	5	1	1	5
Unødig alarm	1	0	0	2	3
Annen assistanse	0	4	2	5	5
Biluhell	3	4*	1	1	0
Meld. om skogbrann (Bålbrenning m.v.)	1	1	1	0	0
Branntilløp i bygning	0	1	2	2	3
Sum utrykkingar	9(10)	30	9	14	23

*2003 Eit biluhell med alvorleg personskade og eit biluhell med dødsfall.

*2006 Assistanse til Kvinnherad og Fusa kommune.

2006 var eit litt spesielt år sett i relasjon til antall og type utrykkingar. Jfr. antal gras, lyng og skogbrannar som må sjåast i samanheng med værtilhøva – tørkeperiode. Brannvernet i Tysnes

deltok aktivt i 2 aksjonar i nabokommunane, herunder i ein aksjon i Ølve, som omfatta ein større gras, lyng – og skogbrann med fare for spredning til m.a. eit byggjefelt.

Andelen brann i bygning ligg på det gjevne. Det same gjeld branntilløp i bygning.

Brannordninga vart godkjent av DBE i skriv av 09.11.98. Sjølv om brannordninga er godkjent er ikkje iverksetjing fullført på alle områder.

Praktisk utøving av feiartenesta har fungert tilfredsstillande. Brannsyn på bustadhus har kome i gang, men mykje står att.

Feiaren må gå igjennom ei relativt omfattande kursing og utdanning i åra som kjem.

Mål som vart oppnådd i 2006:

- Lokalitet for øving - container for røykdykking er på plass. System for fysiske testar og legek kontroll av dykkarane er etablert.
- Redningsutstyr/frigjeringsutstyr er i ferd med å verta komplett. Vinsj er kjøpt inn og montert.
- Garderobeforhold på brannstasjonen er under betring.
- Første fase med brannsyn for § 13 objekt vart gjennomført. Om lag 96 % av objekta, tilsvarande 52 objekt vart kontrollert.
- Vanleg brannsyn på bustadhus er under oppfølging.
- Grunnutdanning etter NBSK sine retningslinjer er under oppfølging.

Framtidsperspektiv

Største utfordring i åra som kjem er førebyggjande arbeid, opplæring og lovpålagd utdanning av heile brannvernstyrken og etablering av nytt nødnett.

Mål for 2007:

- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og oppfølging av brannordning.
- Vidareutvikling av førebyggjande arbeid og iverksetjing av vanleg brannsyn i samband med utøving av feiartenesta.
- Gjennomføring av behovprøvd feiing.
- Vidareutvikling av opplæring av eksisterande og nytt mannskap. Gjennomføring av lovpålagd grunnutdanning v/NBSK. Gjeld og for både mannskapsstyrke og feiar.
- Vidareutvikling av røykdykkartenesta.
- Vidareutvikling av rode Nymark. Etablering av ny rode på Reksteren.
- Opplegg for proff debriefing etter spesielle hendingar.
- Innkjøp av datautstyr/program for brann og feiartenesta.
- Vidareutvikling av HMS og internkontroll system.
- Oppfølging av avvik frå DSB.

Samandrag landbruk/teknisk

Også i året som gjekk har etaten hatt reduserte ressursar. Skogbrukssjefen gjekk tidleg ut i permisjon. Stillingen vart redusert frå 50 til 20% stillingskostnader, og med desse midlar har

me leigd hjelp av Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor. (SFLMK). Samarbeidet har fungert godt, men det seier seg sjølv at tenesta har vore redusert og oppfylgjing har teke av etaten sine administrative ressursar. I tillegg har samtidig den eine halve kontorstillingen gått ut i permisjon, og den andre halve er slutta. Erstatninga i heil stilling har gått seg bra til med god hjelp frå andre etatar.

Grunna sjukemeldinga av sentrale fagmedarbeidarar på landbrukssida har me slite med å få utført dei alltid prioriterte oppgåver som går på bøndene sin økonomi. Me ser fram til å komma i balanse her.

Arbeidsoppgåvene, meir eller mindre for alle fagområda, vert meir og meir styrt av ytre pålegg gjennom statlege tilsyn og krav gjennom lover og forskrifter. Kommunen gjennom etaten vert ofte tvinga til å bruka meir ressursar til slik oppfylgjing, enn det kommunen sjølv vil. Dette går ut over kommunen sine eigne sjølvstyrte oppgåver.

Kommunen har det siste året vore aktive på viktige utviklingsoppgåver. Dette er bra og nødvendig, men også dette tek av våre ressursar og vert av seg sjølv lett prioritert framføre gamle tidlegare prioriterte plan- og tilretteleggingsoppgåver som for eksempel bustadfelt, avlaupsplanar, adressetildeling, kaiar, m.m.

Utover ovanemnde er det ikkje store endringar. Me slit framleis med at ressursane strekk ikkje til i forhold til det politikarar og våre innbyggjarar ventar av oss. Me håper med nytt teknisk utstyr å komma betre ajour på kart og oppmålingsida i løpet av året 2007. Me vil parallelt vurderer leigd teneste, men arbeidet er ofte slik at me må gjera mykje sjølv, og då føler me ”vinninga går opp i spinninga”.